

Vedlegg, vurderingstabellar


Dette vedlegget viser vurderingane som er gjort i kvart av delområda. For kjeldeliste, sjå bakarst i hovudrapporten.

Innhaldsliste

Vedlegg, vurderingstabellar	1
Delområde 1: Nordøyna, Hernar, Lyngøyna	3
Delområde 2: Hellesøyna - Herdlevær	7
Delområde 3: Skogsøyna Ono	11
Delområde 4: Turøyna Dyrøyna	15
Delområde 5: Kunta Djupålsøyna	19
Delområde 6: Løno Hissøyna	23
Delområde 7: Kallestadvika Langøyvågen	27
Delområde 8: Nipa Storhaugen	32
Delområde 9: Telavåg Glesvær	35
Delområde 10: Toftarøyna - Tekslo	39
Delområde 11: Kårvika Austefjorden	43
Delområde 12: Kleppe Forland	47
Delområde 13: Høyland Børnes	52
Delområde 14: Lerøyna Bjelkarøyna	57
Delområde 15: Klokkarvik	61
Delområde 16: Sundskogen	64
Delområde 17: Veten	68
Delområde 18: Skogsvåg - Tellnes - Haganes	72
Delområde 19: Liatårnet	77
Delområde 20: Bjarøyna - Tyssøyna	80
Delområde 21: Ekrhovda - Li	83
Delområde 22: Ebbesvika	86
Delområde 23: Brattholmen - Arefjordpollen	89
Delområde 24: Hjelteryggen Knarrvika	94
Delområde 25: Vågo Foldnes	98
Delområde 26: Straume - Bildøyna - Kolltveit	103
Delområde 27: Fjell	107
Delområde 28: Fossvatnet - Kolafjellet	111
Delområde 29: Hammarsland Skogsskiftet	114
Delområde 30: Storavatnet Kørelen	118


Delområde 31: Fjellspollen - Trengereidpollen	122
Delområde 32: Ulveset	126
Delområde 33: Midtmarka	130
Delområde 34: Morland	134
Delområde 35: Fjæreidpollen	137
Delområde 36: Knappskog	140
Delområde 37: Kårtveit - Eide	144
Delområde 38: Angeltveit	148
Delområde 39: Vindenes Ågotnes	151
Delområde 40: Misje - Sollsvika- Landro	154
Delområde 41: Vindenes	158
Delområde 42: Rongøyna Toftøyna	162
Delområde 43: One Sæle	167
Delområde 44: Stura Tjeldstø	171
Delområde 45: Førehjelmo Seløyna Hopøyna	176

Delområde 1: Nordøyna, Hernar, Lyngøyna



Øyane her har mykje nakent berg, lite myr, og det er lite lausmassar. Mange kystlyngheier med god tilstand og fleire er brent, både nyleg (2022) og mellom 1990 og 2000. Fleire mindre grasdominerte beiteområde finns og.

Kortknappskjer og Horsøy naturreservat for sjøfugl er og viktig for landskapet. Inngår i UNESCO Biosfæreområde med særleg fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling




Utsnitt. Askeladden + flyfoto 1935



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Øysamfunn med holmar, vågar og sund. Småkupert overflate med høgste punkt på Hernar og Sulo på ca. 34 moh. Enkelte myrer og små vatn.	Stor
Vegetasjon	Tynt lausmassedekke og en del bart fjell, men også god jord innimellom. I hovudsak lavt heilandskap og opent beitelandskap men noko sprett skog, for det meste skogholt av barskog. Nyoppstarta småbruk nyttiggjer seg grasmark og bil bidreg til å halda kulturlandskapet i hevd.	Stor
Arealbruk og busetnad	Beitebruk og to eksisterande fiskeoppdrett, eit gjenoppstarta småbruk og gode jordressursar på Lyngøy, Hernar og Sulo særleg. I hovudsak eldre bustadhus og sjøbuer, plassert og tilpassa etter dei naturlege tilhøva på staden. Lite moderne inngrep i strandsona. Øyane er tilgjengeleg med båt eller ferje. Både verna natur og kulturmiljø, og stor verdi som friluftsområde.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 208 Hjelme, 210 Lyngøy, 211 Hernar/Sulo, 212 Sanden og 213 Nordøy. Det er kjent arkeologiske kulturminne på Hernar; tre lokaliteter med bautastein og ei nausttuft (truleg yngre jernalder / mellomalder). Bygningsmiljø i SEFRÅK på Hernar, Lyngøyna, Sulo, Sanden og omsynssone i kommuneplanen for naustmiljøet i Hernesundet. Hernar («Hedlane») er ein gammal handelsstad nemnt i skriftlege kjelder frå tidleg mellomalder. Handelsstaden vart oppretta før 1606. Det er elles kjent marine kulturminne i sjø. Folk som reiste vestover, brukte ofte Hernar som den siste uthamna før dei la ut på opne havet, og øya er nemnt fleire stader i sagalitteraturen. På 1100-talet budde lendmannen Aslak Erlendsson på Hernar.	Stor
Kulturelle referansar	Gamle hamner som er viktige spor i landskapet. Hernar som viktig stad i sagalitteraturen, og historisk handelsstad. Bautasteinar. Kystkultur, sjøfartshistorie. Stadnamn som Hestholmen, Nautøyna, Lamholmen, Horsøyna fortel om dyrehald.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Øyane er ei lomme med liten skala, omgitt av eit stor skala landskap med opne horisontlinjer særleg i vest. Stor kontrast mellom dei lune vågane og Nordsjøen. Viktige fuglereservat, storstått vær, stadig nærvær av hav og sterkt natur.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Vær og hav er aktive naturprosessar, klimaendringar som meir nedbør, vind og tørke vil påverke øysamfunnet saman med havstigning.	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Fiskeoppdrett, beite. Gjenoppstarta småbruk i drift.	Liten
Bygg- og anleggsvirksemdu, transport	Ingen	Liten
Sammanhangar og brot		

Geografiske og romlege	Stor kontrast mellom det opne havet og sunda mellom øyene. Det er de lune sunda og vågene som gjer at man har kunne busette seg her. Plasseringa har gitt øygruppa og særleg Hernar en viktig plass i den vestnorske historia.	Stor
Funksjonelle	Delområdet ligger mellom fjord og hav, på yttergrensa av Noreg, og utsett for element. Levemåten med småbruk og fiske er i endring, men samtidig kan dette være ei lomme der denne livsstilen kan oppretthaldast til ein viss grad.	Middels
Historiske	Sentral stad som har blitt usentral	Middels
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Landet som stikk opp av havet og dannar utkanten av Noreg	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Bygningar og oppdrettsanlegg. Vêrtihove og naturlege føresetnader set premiss, og menneska må tilpassa seg – dette vises i bygde strukturar.	Stor
Landskapskarakter		
Marginalt øysamfunn med stor tidsdjupne og heilskap i overgang mellom skjergarden og Nordsjøen		
Samla verdivurdering		Verdi
Landskapet i delområdet er mangfaldig og har eit markant preg av element frå både natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Det er unikt, intakt og særprega. Der er tydelege samanhengar mellom element og historiske spor som er viktige i nasjonal samanheng. Delområdet har god lesbarheit, logiske samanhengar og et unikt visuelt totalinntrykk.		Svært stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 2: Hellesøyna- Herdlevær



Her er mykje nakent berg, og noko myr. God jord har gjeve grunnlag for busetting, medan i områdane utanfor er det lite lausmassar. I den vestlege delen er det ein del øyar der kystlyngheia har god tilstand og der nokre nyleg har vore brent (om lag 10 år sidan). Områda lenger aust har og mykje kystlynghei, men her er ho både i brakkleggingsfase og i sein attgroing. Den siste gruppa har svært redusert tilstand og fordi gjengroinga er dominert av framande artar som buskfuru og sitkagran. Ei stor og samanhengande kystlynghei med høg kvalitet finst i sørvest. Grasdominerte beiteområde finst veldig spreidd. Her er og nokre større innsjøar som til dømes Storavatnet.

Øyområda i vest utgjer viltområde viktige for måsar, terner og ærfugl og fleire av desse er verneområde.


Inngår i UNESCO Biosfæreområde med særleg fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling




Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Størstedelen av delområdet ligg under kote 25. Oppsprukken terregnform i vest med øyer og sund, meir samanhengande og høgareliggende terregn i aust. Sprette vatn og myrer.	Stor
Vegetasjon	Tynt lausmassedekke med god jord samla på enkelte stader. Nakne svaberg mot havet med lynchhei innover mot aust. Store deler av lynchheia er grodd til med barskog. Småbruksdrift og beite kring gardane og bygdene.	Middels
Arealbruk og busetnad	Utmarsbeite og småbruk, samt ein del skog. Bygder som kan knytast til fiskeri og småbruk, og med lokal og terrengrtilpassa byggeskikk ved egna hamner. Nyare bustad- og hyttefelt, samt campingplass ved Trollvatn. Hytte/rorbuutleige. Enkle og smale vegar med dårleg dekke. Skjerma skipslei for småbåtar via Penesøysundet og Insta Djupesundet. Fleire friluftsområde med høg verdi, kulturmiljø og verna naturområde.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 201 Skjold, 203 Hatten, 204 Hovden, 205 Nordvik, 206 Nautnes, 207 Nordre Sæle, 209 Hellesund/ Hellesøy, 243 Ovågen, 244 Nålura/Rossnes, 246 Herdlevær, 247 Heggholmen, 248 Heggøy, 249 Dåvøy, 250 Eide, 251 Harkestad, 252 Tjeldstø og 253 Alvheim. Svært mange kulturminne frå forhistorisk og historisk tid, særleg konsentrert til Hellesøyna, Sæle, Nautnes, Alvheim og Heggøyna. Mange steinalderbuplassar. På Hjartøyna er det kjent særleg mange, og i tillegg finst her fjøremannstufter frå jernalder/middelalder. Omfanget skuldast i hovudsak undersøkingar i samband med oljeleidning mot Stura. Fleire av gardane var busette i mellomalder. Bygdene med SEFRAK-bygningsmiljø ligg ned mot sund og pollar. Prioritert i kulturmiljøplan: bedehus og nothengje på Hellesøyna, Hjelme nye kyrkje (også listeført og omsynssone KPA), naustmiljø i Nordre Selsvågen (omsynssone KPA), Adnestova frå 1700-talet, bedehus på Nautnes og naustmiljø på Alvheim. Kulturminna og bygningsmiljøa viser marin historie og kystkultur gjennom mange tusen år. Gode samanhengar mellom tun, naust, ferdslevegar og funksjonar i tettstadane. Garden Eide er ikkje registrert i SEFRAK.	Stor
Kulturelle referansar	Hjartøyna. Lesbar lokalhistorie i bygdene. Tusenårig kystkultur fram til i dag. Stadnamn som Kvernhuspollen, Stølshøyen, Vardeneset, Lamøyna.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Det småkuperte landskapet har fleire rom med menneskeleg skala og skjerma forhold, i kontrast til den vide himmelkvelvinga og havet ein blir del av på utsette stader. Samansett delområde der fellesnemnaren er variasjonen frå hav til overgang mot skjerma land, tidsdjupna i tettstadene frå gammalt til nytt, ut i frå dei same naturlege forutsetningane. Lite trafikk. Sus frå havet og nærvær av sjøfugl.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		

Aktive naturprosessar	Kulturlandskap i gjengroing, vær og vind. Klimaendringane vil gje meir påverknad frå vêr og risiko for brann, tørke, endring i vegetasjon og true kulturmiljøa i strandsona.	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Sprett småbruk og utmarksbeite. Enkelte oppdrettsanlegg. Noko drivverdig skog.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Smale vegar, bygg og anlegg pregar i liten grad delområdet.	Liten
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Småkupert terreng. Delområdet er delt opp av sunda som forbinder Hjeltefjorden på innsida og havet på utsida. Nyare busetnad orienterer seg mot vegane, medan eldre busetnad er knytt til vilkår i landskapet.	Stor
Funksjonelle	Øysamfunn langs ytterkysten	Stor
Historiske	Samanhengande kystkultur sidan steinalder. I dag er bruken av landskapet som livsgrunnlag for fiskarbonden redusert. Landskapet er no meir nytta til rekreasjon for lokale og tilreisande.	Stor
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Intakte terrengformer med sund og våger, småkupert med lave høgdedrag, øyer ytst og kontakt mot havet	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Busetting og veger er dei viktigaste menneskeskapte elementa.	Stor
Landskapskarakter		
Ytterkyst med stor skjergard, små fiskesamfunn i lune hamner, fritidsbruk og barskog.		
Samla verdivurdering		Verdi
Delområdet inngår i stort, samanhengande naturområde av regional skala. Karakteristiske landskapselement som havet, dei lave øyane og tradisjonell busetnad set tydeleg preg på landskapet. Der finst innslag av inngrep og busetnad som forstyrrar særpreget, men landskapet står jamvel fram med lesbare samanhengar og gjev eit godt totalinntrykk.		Stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 3: Skogsøyna Ono




Her er mykje nakent berg på øyane vest i delområde. Her er noko myr, men det er minimalt med lausmassar forutan ved Rong og Blom. Kystlynghei dominerer, men dei er i brakkleggingsfase og har middels og høg kvalitet. Nokre, i midtre del og mot aust, er i sein attgroing med ein del framande treslag som til dømes bergfuru og sitkagran. Ein kystlynghei sør for Kollsnes er intakt og har svært høg kvalitet. Det er og karakteristisk at det finst en del semi-naturlege strandenger vest i delområdet. Lite bekkar og innsjøar. I tillegg til fleire viktige viltområde for sjøfugl vest i delområdet, finst og Ullebroten og Greipingen naturreservat for sjøfugl i sørvest. Inngår i UNESCO Biosfæreområde med særleg fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling




Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Konveks hovudform med tydelege sprekkdanning i nord-sør gåande og nord-aust gåande retning. Skogsøyta det høgaste punktet på 49 moh. Større samla landformer i dei austlege delane. Nokre vatn i forseinkingane, men mest myr.	Stor
Vegetasjon	Hovudsakeleg lynnhei og utmarkspreg, noko gjengroing, småbruk og barskog mot dei austlege kantane av området.	Stor
Arealbruk og busetnad	I hovudsak utmarksbeite for sau i dei ytre områda, noko fritidsbusetting og småbruk i dei indre delane der den gode jorda er. Gode hamner i sund og vågar innanfor ytterkysten. Kollsnes anlegget ved Skogsøyna med tilhøyrande infrastruktur, elles lite industri og infrastruktur. Skjergarden er mykje brukt i fritid og rekreasjon, Ormhilleren og Ditlofhytten særleg kjent, og det er fleire statleg sikra areal for dette. Fleire registrerte kulturminne og verna natur.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 238 Rong, 239 Søre Sæle, 240 Blom, 241 Blomvågeset, 242 Dale, 245 Breivik og 246 Herdlevær. Det er kjent ei rekke arkeologiske kulturminne – særleg steinalderbuplassar i delområdet. Mange av desse vart påvist i samband med planane om anlegget på Kollsnes. I delområdet finst og fjøremannstufter bl.a. på Skogsøyna og Onøy. Bergkunst på Søra Skjeret ved gammalt landfeste for laksenot. Gravrøyser bl.a. ved Kollsnesvatnet. Bygningsmiljø i SEFRAK i Breivik, Blomvåg og Rong. Gardar og bygder ligg aust i delområdet, i sund og vågar. Der er ei rekke omsynssoner i kommuneplanen for bl.a. naustmiljøet i Grunnesundet, Blomestøa og Selstøa, Blomvåg kyrkje og Vestresjøen naustmiljø. Utmarkskulturminner med skjeneflorar, sommarfjøs, steingardar og historiske ferdslevegar.	Stor
Kulturelle referansar	Steinalderlandskap, fiskerihistorie, fiskevær, kystkultur. Der finst stadnamn som fortel om bruk bl.a. Rossøyna, Nautøyna, Stekkane, Dyrøyna, Geitarøyna.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Stor skala med lav horisont og stor himmel. Fleire små landskapsrom innanfor det store, gode og romslege hamner innanfor ytterkysten. Sus frå havet og nærvær av sjøfugl, særleg i dei vestlege delane.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Gjengroing, havstigning, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Store utmarksressursar. Fleire småbruk i drift i området, og enkelte av dei største gardane i drift ligg delvis i dette området.	Stor
Bygg- og anleggsvirksemad, transport	Equinor har stort anlegg i nord. Anlegget er lite synleg, med unntak av element som stikk høgt opp.	Liten
Sammanhangar og brot		

Geografiske og romlege	Sprekldanning kan danne plutelege brot som er vanskelege å forsere til fots, eller lager en snarveg gjennom et fjellparti, eller dannar en lun våg med bratt strandlinje	Stor
Funksjonelle	Har utgjort en del av næringsgrunnlaget til fiskarbonden, men er nå i hovudsak eit rekreasjonslandskap	Liten
Historiske	Tusenårig lang kystkultur fram til vår tid. Bygder og små sentrumsdanninger som framleis har tydelege kulturhistoriske samanhengar intakt. Tydeleg samanheng til marine ressursar.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Terrengforma	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Kollsnesanlegget. Dette næringsanlegget dekker kring 3 kvm og er viktig både nasjonalt og internasjonalt.	Liten
Landskapskarakter		
Ope lystheilandskap med lite synleg menneskeleg påverknad, delt opp av sund og våger med større busetting		
Samla verdivurdering		Verdi
Få inngrep, stort samanhengande naturlandskap i regional skala, karakteristiske landskapselement med element frå natur og kultur. Få negative brot og kontraster. Godt totalinntrykk.		Stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 4: Turøyna Dyrøyna



Skjergardslandskap med mykje nakent berg. I delområdet er det og noko myr, men det er minimalt med lausmassar utanom jordbruksområda ved Toft, Torsteinsvik og til dels Turøy. Delområde har hovudsakeleg kystlynghei, men der tilstanden for dei fleste, med unntak av lengst nord, er uviss fordi dei fleste øyane ikkje har vore kartlagt for naturtypar. I nord er det registrert kystlynghei i brakkleggingsfase, men med høg kvalitet. Det finns noko spreidd skogsmark på innsida av dei store øyane. Elles er det få myrområde her. Øyområda vest for Angeltveit og vest for Turøy utgjer viltområde viktige for måsar, terner og ærfugl. Inngår i UNESCO Biosfæreområde med særleg fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling



Utsnitt Askeladden, flyfoto 1962



Skålgroper på Knappetåna. Kjelde: kulturminneplan Fjell. Foto: Jann Rauø

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Skjergard av store og små øyer med viker, sund og våger. Turøyvarden 75 moh høgaste punkt, elles ligg terrenget hovudsakeleg under 25 moh. Øyane har eit småkupert terreng med til dels bratte skrentar. Enkelte øyar har småvatn, elles ligg det gjerne myr i forseinkingar i terrenget.	Stor
Vegetasjon	Mykje nakent berg særleg mot vestsida. Vegetasjonen elles på øyene er dominert av kystlynghei. Dei større øyane, som Toftøyna, Turøyna og Dyrøyna, har nokre småbruk med bør og barskog og lauvskog særleg på austsida.	Stor
Arealbruk og busetnad	Turøyna har fast busetting, og Dyrøyna har hatt fast busetting tidlegare. Øyane har enkelte fritidsbustader. Mykje fiske kring øyane, og store verdiar som friluftsområde. Eide industriområde i den austlege grensa har store planerte flater, kai og skjeringar.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 19 Fjæreide, 20 Eide, 21 Kårvteit, 23 Angeltveit, 24 Landro, 59 Misje, 60 Turøyna, 234 Vik, 235 Toft, 236 Store Torsvik , 237 Little Torsvik. I hovudsak ytterkyst og utmark som har vore brukt til fiske, ikkje busetnad. Få arkeologiske kulturminne er kjent. Det finst skålgrøpfelt på Knappetåna ved Turøya, og fjøremannstufter på Søra Sandøyna. Kommunalt listeført bølgjekraftverk på Kalvøyna. Naustmiljø i Turøyvågen – prioritert i kulturmiljøplan. Elles er her mange skipsvrak og andre marine kulturminne. Forskriftsfreda seglingsmerke på Turøyvarden. Bygningsmiljø i SEFRAK på Turøyna i nord og på Dyrøyna i sør. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Middels
Kulturelle referansar	Turøyvarden. Bølgjekraftverk. Kystkultur på yttersida. Forlis, fiskeri. Navigasjon. Nokre stadnamn fortel om bruk av øyar og holmar: Dyrøyna, Lambøyna, Kjeholmen, Vardøyna.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Stor variasjon i romlege og estetiske forhold. Stundom har ein kontakt mot havet og det storskala rommet, stundom er ein i ei lukka våg. Tettare landmasse i øst avgrensar delområdet, som innimellom kan opplevast som ein labyrinth. Turøyvarden er eit kjent og synleg landemerke. Stillheit, sjøsus og sjøfugl viktige lyder.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Gjengroing, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Mykje fiske, noko beite.	Liten
Bygg- og anleggsvirksemdu, transport	Bru og veg til Turøyna, elles er øyene veglause. Næringsområde på Eide.	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Trass næringsområde, Eide	Liten

Funksjonelle	Områda er framleis nytt til fiske og havbruk, men beitebruken er redusert. Rekreasjon er ny bruk. Næringsområde på Eide	Liten
Historiske	I hovudsak store område utan spor etter menneske. Bygda Turøy har mange historiske samanhengar intakt.	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Terrengeformane og havet	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Lite bygde element utanfor grendene. Turøybrua. Korte horisontlinjer i landskapet gjer at Skjervika næringsområde ikkje pregar landskapet i vesentleg grad.	Liten
Landskapskarakter		
Ytre skjergard med mykje utmark og få spor av menneske. Samansette og varierte landskapsrom Næringsområdet påverkar landskapskarakteren i området i liten grad.		
Samla verdivurdering		Verdi
Få inngrep, stort samanhengande naturlandskap i regional skala, mykje brukt til fritid, særprega og med få og ikkje dominerande brot og kontraster		Stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 5: Kunta Djupålsøyna




Delområde er mykje utbygd. På øyane er det mykje nakent berg og her er få myrområde. Ved Langøyna og Møyvatnet er det tynne morenedekke, medan Algrøyna og Sekkingstad har god jordbruksjord. Av naturtypar dominerer kystlynghei, og desse ser ut til å vere intakte eller i brakkleggingsfase, og har truleg difor moderat til høg kvalitet. Fleire lokalitetar med naturbeitemark er registrert aust i området. Her er få innsjøar og bekkar.




Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Sprekkestrukturen dannar et tydeleg nord-sør gåande sund, som opnar seg mot vest gjennom holmar og skjær mellom Algrøyna og Dyrøyna. I aust fell terrenget bratt mot sjøen, medan sjølinja i vest er meir flikete.	Stor
Vegetasjon	Lynghei med ein heil del skog og hagar kring bustadane. Bygder samla kring den gode jorda.	Middels
Arealbruk og busetnad	Nyare busettingsområder, særleg klynger med hus og hytter mellom hovudvegen og sjøen. Det er enno jordbruk særleg ved Sekkingstad, men det tradisjonelle bustadmønsteret er i endring.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 15 Skålevika, 16 Langøyna, 17 Sekkingstad, 18 Algrøyna, 19 Dyrøyna, 20 Eide. Fleire steinalderlokaliteter rundt Bakkatjørna og ved Kuhaugen nord i delområdet, og på Langøyna i sør. Bygningsmiljø i SEFRAK på Algrøyna (med bl.a. bedehus, skule), Dyrøyna, Langøyna og Sekkingstad. Ein del samanhengar er svekka, men kulturhistoria er framleis lesbar. Algerøy hamn med sjøhus og tidlegare butikk er kommunalt listeført. Langøyna kystkultursenter er prioritert kulturmiljø i KPA. Miljøet ligg lunt til innafor Samsonsholmen, og viser det tradisjonelle næringsgrunnlaget for busetnaden langs kysten, og næring og sørvis som handel, post, telefoni, bakeri og salteri. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Middels
Kulturelle referansar	Lokalhistorie i bygder. Langøyna kystkultursenter, tradisjonsrikt handelsstad frå 1874 og tusenårsstad i Fjell kommune. Stadnamn som Notholmen, Garnholmen, Naustbakken	Middels
Romlig- estetiske forhold	Innaskjers sundlandskap, skjerma frå storhavet, men med ein viss kontakt mot nordvest.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser	Kulturmark i gjengroing, endra arealbruk, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Vågen Seafood AS i Apalvågen, fritidsfiske. Fleire gardsbruk i drift i dette området og fleire større samanhengande område med dyrka mark.	Liten
Bygg- og anleggsvirksemrd, transport	Nye bustadfelt er under bygging, vegen har enkel standard	Middels
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Tydeleg terregngform med bratt skrent i aust og nord syd gåande sund. Vestvend mot havet.	Stor
Funksjonelle	Delområdet er i endring, med stadig utbygging av busetting og fritidsbustader.	Middels
Historiske	Ny bustadbygging	Liten
Nøkkelelement		

Naturskapte nøkkelement	Terrengform og vatn.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Her er nyare byggeskikk med terrengeinngrep, arealbruk og busetting i framvekst.	Middels
Landskapskarakter		
I aust dannar terrengforma ei hylle med bratt skrent ned mot sjøen i vest. Nyare busetting og arealbruk veks frem på denne hylla. I vest opnar landskapet seg meir i holmar og skjer som ein treng båt for å nå, og gjev kontakt med havet.		
Samla verdivurdering	Verdi	
Naturprega med sprett busetting og infrastruktur. Landskapstypen har stor betyding for landskapskarakteren. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 6: Løno Hissøyna




Området har ein del øyar der det er mykje nakent berg, men og nokre gode jordbruksområde. I delområde er det og noko myr, men det er minimalt med lausmassar. Delområde har hovudsakeleg kystlynghei der tilstanden er uviss fordi dei fleste øyane ikkje har vore kartlagt for naturtypar. Av kystlyngheiane som er registrert er fleire i brakkleggingsfase, og truleg med høg kvalitet. Skogsmarka her er truleg kystlynghei i attgroing. Øyområda i vest er viktige viltområde for sjøfugl og på Lønøyna naturreservat er verneformålet hekkande sjøfugl.




Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Øyar som stiger opp av havet med konveks form. Storafjellet på Lokøyna høgaste punkt på 68 moh, Store varden på Algrøyna 66 moh. Sprekkstrukturen dannar lange daler og sund skoren inn i terrenget, og gjev stor veksling mellom å vere på toppen og å vere i botnen av dalen. Spreidde vatn og myrer nokre meter over havet.	Stor
Vegetasjon	Tynt lausmassedekke på dei konvekse formane med skrinne forhald, meir lausmasser i dei lågareliggende delane med betre tilhøve for småbruk og hagar.	Stor
Arealbruk og busetnad	Fast busetting i hovudsak i dei gamle tettstadane, og spreidde hytter. Smale vegar. Tidlegare jordbruk på Løno, Hissøyna og Algrøyna. Delområdet er mykje brukt til fritid og båtliv. Bergen og omland friluftsråd har hus til leige.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 13 Hissøyna, 14 Lokøyna og 18 Algrøyna. Fleire steinalderlokaliteter på Hissøyna i sør, og ein hellar som var brukt i førromersk jernalder. Bygningsmiljø i SEFRAK på Løno, Hissøyna og Lokøy. Løno har eit naust- og gardsmiljø som er prioritert i kulturminneplanen. Ein utpost der to vågar skjer seg djupt inn og dannar ei eide og eit lon («Løno») som ga god hamn. Her er det funne ei skaftholks frå steinalderen. Det er og ei stor istidsavsetning av stein ved eidet, kor ein ser tydelege spor etter vegfar og ulike oppmuringar. Eldste historiske busetnaden er frå midten av 1840-talet. Her har på det meste vore seks gardsbruk. Kulturlandskap med bl.a. steingardar. På Hissøyna: gardstun og naustmiljø/kai som er prioritert i kulturminneplanen. I naustmiljøet er det mellom anna tufter etter eit ishus, der ein om vinteren skar ut blokker til ising av fisk. Duøyna: sjøhus, prioritert i kulturminneplanen. Klubbesund /Ottersvik: naustmiljø som er kommunalt listeført.	Stor
Kulturelle referansar	Løno har tydelege spor etter den historiske bruken av ytterkysten. Bruk av sjøen og småskala landbruk.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Visuell kontakt med havet, havsus og sjøfugl. Stor himmel og vid horisont, eksponert landskap. Løno synleg frå mange plassar, eit lite landemerke.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar, gjengroing.	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Mykje fritidsfiske, noko havbruk. Spreidd utmarksbeite. Det går sau heile året på Løno som skjøttar kulturlandskapet.	Liten
Bygg- og anleggsvirksemnd, transport	Lite påverknad	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Delområdet vender seg vestover, mot havet.	Liten

Funksjonelle	Delområdet har lite moderne påverknad, utbyggingstrendane som er synleg i omgjevnaden er enda ikkje kome hit. Preget er framleis ytterkyst og sterk tilknyting til naturen.	Stor
Historiske	Tun og naustmiljø som er lite endra som strukturar. Viktige samanhengar er intakt, men endra bruk / fråflytting er eit historisk brot.	Stor
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Terrengform og hav.	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Menneskeskapte element som gamle bustader står i kontrast til den mektige naturen.	Stor
Landskapskarakter		
Lite utbygd øy og sund landskap mot vend mot havet, med mange små sund og viker.		
Samla verdivurdering		Verdi
Delområdet har få inngrep, og er ei karakteristisk landskapstype med typiske landskapselement som sett sitt preg på landskapet. Det har sær preg og få negative brot. Samanhengen mellom historiske spor er viktige i regional samanheng. Landskapet er prega av bevisst formgjeving, med lesbare samanhengar og eit godt totalinntrykk.		Stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 7: Kallestadvika Langøyvågen



Ein del utbygging i delområdet. På øyane er det mykje nakent berg, men i austleg del er det lite nakent berg. Nokre myrområde finst i forseinkingar. Her er og fleire jordbruksområde. Ved Møvik er det eit tynt morenedekke. I områda ved Nessjøen – Nordavika er det eit tynt morenedekke der mykje av dette fell saman med ein del intensiv dyrka mark. Av naturtypar dominerer kystlynghei, og desse ser ut til å være intakte eller i brakkleggingsfase, og har truleg difor moderat til høg kvalitet. Ein del naturbeitemark finst aust i område og der er det og nokre plantefelt med gran og lauvskogar. Her er få innsjøar, men fleire bekkar.





PARTI FRA MØVIK.


EIERETT: I. INGEBRIGTSEN.

Møvik, ukjent årstal. Foto: Ingebrigtsen, Atelier KK. Kjelde: Billedsamlingen UiB

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Skjerma fjordbasseng og indre skjergardslandskap med sund, viker og vågar.	Stor
Vegetasjon	Konvekse landformer med tynt lausmassedekke og lysthei, og konkave terregnformer med meir lausmassedekke som dannar grunnlag for småbruk og private hagar	Stor
Arealbruk og busetnad	Tradisjonelt småbruk og naustmiljø vitnar om livsgrunnlaget både på Lokøyna, Syltøyna, Skoge og Nessjøen . Sprett fritidsbusetnad. Smale veger. Det er også kartlagt fritidsbruk i delområdet, både sjøliv og tur.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 2 Kallestad, 3 Ekra, 4 Nordvika, 6 Nese, 9 Åse, 10 Skoge, 11 Møvika, 12 Syltøyna, 13 Hissøyna, 14 Lokøyna, 15 Skålvika, 16 Langøyna. Fleire bygder og bygningsmiljø som ligg skjerma frå ytterkysten. Steinalderbuplassar på Langøya, Lokøyna, Syltøy, Hjartøy, og på Ekra. Mange bygningar i SEFRAK knytt til gardar og naust ved Lokøyna, Syltøyna, Hjartøy , Kallestadvika (kommunalt listeført), Nordvika/Nessjøen, og aust for Skogosen opp til Møvik og Skålvika. Mange av dei SEFRAK-registrerte bygningane er i dag borte. Ein del samanhengar er svekka. Akvakulturanlegg frå 1968 på Flogøy, - frå næringa sin pionerfase. Storasundet på Syltøyna har hatt handelsverksemid sidan 1884, telefoni og post. Oppkjøp og tilverking av sild og fisk, slipp og mekanisk verkstad. Storasundet har omsynssone i KPA. Nordvik-kverna er prioritert i temaplan for kulturminne, kan vere frå 1820-talet. Kolerakyrkjegard ved Møvik som vart tatt i bruk i 1849. Her finst og gravlagde russiske krigsfangar. Kommunalt listeført demningsanlegg mellom Litlavatnet og Skålevika. På Møvik og Nese bygde tyskarane fleire forsvarsverk - dei ytre nærforsvarsområda til Fjell fort, og fekk fellesnemninga "Festung Vorfeld Fjell". Radaranlegg og flyvaktpost på Møvik. Bunker på Nese kai, og fleire lokalitetar på Husavarden. Delområdet har lange historiske linjer i landskapet, og kulturlandskap etter jordbruk og fiskebruk. Steingardar, naust, sjøhus.	Stor
Kulturelle referansar	Lokalhistorie i bygder. Tusenårig kystkultur fram til i dag, handel, produksjon og småindustri. Krigsminne.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Innelukka indre skjergard, skjema frå storhavet. Holmar og skjer dannar ei mengd uoversiktlege landskapsrom	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Gjengroing, overgang frå jordbruk til anna driftsform, klimaendringar.	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Småskala jordbruk	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Vegen i området har lite kontakt med sjøen, har enkel standard og gjev dårleg føresetnad for vidare utvikling	Liten
Samanhengar og brot		

Geografiske og romlege	Innelukka landskap, god visuell kontakt internt.	Stor
Funksjonelle	Ein må ha båt for å kunna bevege seg fritt i dette landskapet.	Middels
Historiske	Tidsdjupne, der gamle strukturar i stor grad er mogleg å oppleve framleis.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Terrengform med holmar, sund og viker.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Busetnad og naust.	Middels
Landskapskarakter		
Innaskjers fjordbasseng med flika og variert kystlinje som gjev mange rom, men innover-vendande siktelinjer. Avgrensa moderne utvikling.		
Samla verdivurdering		Verdi
Samanhengande naturområde i lokal skala, naturprega med sprett busetting og infrastruktur. Landskapstypen har stor tyding for landskapskarakteren. Landskapet er mangfaldig og har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Landskapet er balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 8: Nipa Storhaugen



I delområdet er det svært mykje nakent berg og her er minimalt med lausmassar. Her er lite myr og ein lokalitet med atlantisk høgmyr er registrert i nord. Kystlynghei dominerer i delområdet, og dei fleste er truleg i brakkleggingsfase og har moderat og høg kvalitet. Der er rikeleg med middels store innsjøar her, men få bekker.


Heile området er og vurdert som eit viktig viltområde for mellom anna dvergfalk og havørn.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Veksling mellom skjoldforma fjell med Nipa (89 moh) og Brotavarden (87 moh) som høgaste punkt. Småkuperte overflatar med sprekkestruktur sørvest/nord aust og sør aust/nord vest som dannar vågar, skar og dalar. Det ligg fleire vatn i dei austlege delane, og mindre myrer i dei vestlege.	Stor
Vegetasjon	Lyng, myr og sprette tre og buskar	Stor
Arealbruk og busetnad	Området er dominert av utmark, inga busetting innafor delområdet. Mykje fritidsbruk, stiar og fiske. Bekhilderen viktig turmål.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 137 Øvretveita, 138 Midttveita, 139 Telle og 140 Nipa. Utmarksområde utan kjent historisk gardsbusetnad. Det einaste forhistoriske registrerte kulturminnet er ein hellar i Selvågen med funnmateriale og dateringar frå steinalder og jernalder. Ved Kjereidet i aust ligg ein kastevåg som tilhører Telavåg og Kallestad. Her skal ha vore landnotfiske på 18- og 1900-talet. Ruiner etter steinbuer. Kommunalt listeført. Kystlynghei viser at dette har vore viktig utmarksområde for gardane. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Middels
Kulturelle referansar	Stadnamn som Lauvøyna, Kjeøyna, Notholmen og Kvernhaugen fortel om historisk bruk. Historisk ferdselsrute kartlagt frå Nipa ved Telavåg, og nordover til Kjereidet og Kallestad.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Veksling mellom ope landskap og små landskapsrom. Kontakt med havet i vestvendt terren, og et slags innlandslandskap i Øygarden i austvendt terren.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Lynghei i delvis gjengroing. Klimaendringar.	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Lite eller ingen jord- og skogbruk. Endra driftsformer, lynghei som går ut av bruk	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Ingen	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Veksling mellom flater og sprekker dannar brot, blant anna i bratte skrentar og samanhengar over eide	Stor
Funksjonelle	Stort, samanhengande naturområde i hovudsak utan busetting	Stor
Historiske	Avvikling av tradisjonell utnytting av utmarksressursar	Stor
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Terrenghform, fjell og vann	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	-	-
Landskapskarakter		

Stort naturområde med bart fjell og lysthei langs havet. Fleire mindre ferskvatn i dei austlege delane.


Samla verdivurdering	Verdi
Delområdet inngår i eit større samanhengande naturområde av regional skala. Her er få inngrep, og landskapselementa sette tydeleg preg på landskapet. Det er få og ikkje dominante negative brot og kontraster, og delområdet gjev eit godt heilskapleg inntrykk.	Stor verdi
Tilrådd skjøtsel	
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)	

Delområde 9: Telavåg Glesvær



Her er mykje nakent berg, mest i form av strandberg vest i delområdet. Her er noko myr, mellom anna sørleg nedbørsmyr. Det er minimalt med lausmassar, men tynne dekke med morene og god jord finst ved Telavåg, Glesvær, Golta og Kårvika. Dei områda fell saman med busetnad, og er intensiv dyrka mark og naturbeitemark. Kystlynghei dominerer i delområdet, og dei fleste er i brakkleggingsfase og har moderat og høg kvalitet. Der er rikeleg med middels store innsjøar her.

Den nordvestlege delen av delområdet er eit viktig viltområde for sjøfugl, der og Little Gåsøyna, Skarvøyna og Store Lambholmen naturreservat for sjøfugl ligg. Heilt i sør, på Golta, er det avgrensa eit område med geologisk arv. Her er det mellom anna fjell med svakt rosa granittisk gneis og kraftige renner danna av breen frå siste istid.



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Lågtliggende terregn som veksler mellom skjoldforma hei og lange, lune vågar som er del av sprekkstrukturen. Høgaste punkt er Nipen i Telavåg med ca. 60 moh. Ved Golta ligg eit stykke fjell med svakt rosa granittisk gneis danna under den kaledonske fjellkjededanninga. Det er også kraftig slipt av isen. Området er ikkje verna, men anerkjent som geologisk arv.	Stor
Vegetasjon	Tynt lausmassedelege legg til rette for utmark på ryggane, medan det har vore god jord og grunnlag for jordbruk der tettstadane ligg. Hasselkratt er vanleg særleg ved Telavåg, etter kvart har skogen etablert seg enkelte plassar.	Stor
Arealbruk og busetnad	Busetnad konsentrert omkring Telavåg og Glesvær. Naust og hytter langs sjøen, handel og liten sentrumssstruktur og gardar langs utkanten. Store ubygde areal. Mykje nytta til friluftsliv på sjø og land. Merka fotrute, DNT. Nordsjøløypa	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 123 Toftatreet, 125 Nordtofta, 131 Kausland, 132 Glesnesholmen, 133 Glesnes, 134 Øvre Golta , 135 Nedre Golta, 136 Selstøa, 137 Øvretveita, 138 Midttveita, 140 Nipa. Fleire forhistoriske kulturminne. Mange steinalderlokalitetar, bl.a. i Kvernevika, Porsvika og Goltosen. Fleire gardsanlegg frå jernalder og mellomalder. Heilstakleg og lesbart kulturlandskap forma gjennom fleire tusen år med jamleg avsiving og beite. Noko fragmentert av nyare busetnad. Telavåg med dramatisk krigshistorie, og med bygningsmiljø som viser gjenoppbygging etter krigen. Nasjonal viktig historie, truleg også viktig europeisk historie. Telavåg var eit av tiltalepunktene ved Nürnberg-domstolen. Kvalfangsthistorie og mange kasteplassar. Selstøvågen med kvern og notbuer som ikkje vart øydelagd av tyskarane. Langhuset på Golta der delar kan vere frå 1600-talet – prioritert i kulturmiljøplan, omsynssone. Goltasundet med gamle rorbuer, restaurert hengje og naust. Not bruk på Englabogskjeret – prioritert i kulturmiljøplan. Handelsstaden Glesvær frå 1700-talet. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Stor
Kulturelle referansar	Telavåg med viktig nasjonal krigshistorie. Minnestein. Goltavågen, notbruk på Englabogskjeret og handelsstaden Glesvær. Lyngheier. Historisk ferdsselsrute kartlagt frå Nipa og nordover til Kjereidet og Kallestad.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Lune vågar og sund som skjermar for storhavet i kontrast til eksponert kystlinje og utsett kyst. Vid himmel og lav horisont. Havet i sørvest reflekterer sollyset og gir eit eige lys nær kysten som skil seg frå områda lengre nord og aust.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Kulturlandskap i delvis gjengroing, klimaendringar.	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Noko jordbruk halde i hevd, noko lokalt fiske.	Middels

Bygg- og anleggsverksemd, transport	Noko hyttebygging	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Naturlig variasjon mellom høgareliggende flater og bratte fjellsrentar.	Stor
Funksjonelle	Stort hytteanlegg på Lavikaneset bryt med tradisjonell landskapstilpassing og byggeskikk.	Liten
Historiske	Viktig brot: brenninga av Telavåg og gjenoppbygging. Viktig samanheng: Goltasundet har stor tidsdjupne frå steinalder til i dag. Store samanhengande kystlyngheier.	Middels
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Nipa aust for Telavåg er karakteristisk. Det same gjeld sunda og holmane ved Glesvær. Djupe sprekker gir lange vågar og søkk i terrenget.	Liten
Menneskeskapte nøkkelelement	Store handelsbuer og hus i Glesvær. Sjøbuer, notbruk. Lyngheiene.	Liten
Landskapskarakter		
Landskap med store kontrastar mellom havet og dei små samfunna, lynghei, ytterkyst og lune småbruksamfunn. Tre små samfunn med kvar sin identitet og historie, forbunde av utmarksområde.		
Samla verdivurdering		Verdi
Delområdet er svært mangfaldig, med eit unikt og markant preg av element frå både natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Særleg lynghei i god hevd og historia om Nordsjøfarten og Telavåg gjer dette delområdet unikt også i nasjonal samanheng. Delområdet har unike og intakte særprega landskap. Det er tydelege samanhengar mellom element og historiske spor som er viktige i nasjonal og til dels internasjonal samanheng.		Svært stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 10: Toftarøyna- Tekslo



Her er mykje nakent berg, mest i form av strandberg, og det er lite myr. Dei einaste registrerte lausmassane her er hav-, fjord- og strandavsetningar ved Tofta der det er noko intensiv dyrka mark og truleg naturbeitemark. Delområde har ikkje vore kartlagd for naturtypar, men her er mykje kystlynghei som truleg er i brakkleggingsfase, og noko i attgroing. Her er og noko planta gran. I den austlege delen er det fleire små bekkar og ein del middels store innsjøar.

Øyområda vest for Sæle er i sommarhalvåret eit viktig viltområde for hekkande ærfugl, måsar og terner og på vinteren er det eit viktig rasteområde for skarvar, andefuglar, måsar og alkefuglar. Kvernholmen og Rosmunnen, er verna som sjøfuglreservat. Flesene i sør er viktig for hekkande måsar.




Hus på Vardøyna. Foto: Ralph L. Wilson (1872-1951). Billedsamlingen, UiB

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Overordna landform er en nord/sør gåande rygg, som faller mot havet i vest i et småkupert landskap med større flater og enkelte bratte skrentar mot vest. Omfattar også holmane utanfor i vest. Det er enkelte vann, myrer og bekker i hovudforma, og fleire sund og våger mot sjøsida. Storhavet i vest.	Middels
Vegetasjon	I hovudsak lynghei over skrint lausmassedekke i aust, også større flater med jordbruk samt skoghol og i lune småformer i vest. Lauvskog og edellauvskog i skoghol og frodige hagar ved velstelte hus. Jorda er større og flatare enn på ytterkysten elles i kommunen.	Middels
Arealbruk og busetnad	Sprett busetting, men konsentrasjon om dei gode hamnene og jordbruksareaala. Tradisjonell busetnadsmønster framleis dominande, og fleire småbruk i drift . Fleire gode hamner i vest og sør med store naust og sjøbuer som gjev tidsduspne. Ein stor campingplass og spreidde fritidsbustader. Holmane i vest er mykje nytta til fritidsbruk. Turløype langs vestsida av Storavatnet.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 116 Sæle, 117 Hummelsund, 118 Vikso, 119 Vardøyna, 121 Tyrnevika, 122 Trellevika, 123 Toftatræet, 124 Sørtofta, 125 Nordtofta. 134 Øvre Golta (Kvernholmen). Svært rikt med forhistoriske kulturmiljø. Det er kjent mange steinalderbuplassar, særleg langs ytterkysten, bl.a. på Risøyna. På Sandøyna er det hustuft frå jernalder-middelalder. Fleire skipsvrak og marine funn. Bygningsmiljø på Stora Vardøyna, og steingard som er prioritert i kulturmiljøplan. Langs Hummelsundet ligg mange hustufter, båtoppdrag og gardsanlegg frå jernalder og middelalder. På Vikso er det reist eit minnesmerke etter dei som har komme bort på havet (prioritert i kulturminneplanen). Historisk handelsstad, industristad og sjøbruksmiljø i Tyrnevik knytt til sildefiske (Kommunalt listeført). Saltebu (1700-talet) og jektenaukt i Trellevik. Nothengje, bakeri og trankokeri på Døscherholmen. Historiske bygningsmiljø finst i heile delområdet, enkelte stader noko redusert av moderne inngrep i strandsona. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Stor
Kulturelle referansar	Kulturmiljøet på Vardøyna, langs Hummelsund, bygningsmiljø i Tyrnevik og Trellevik kystkultursenter.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Småkupert landskap vendt mot havet i vest, men skjerma av eit dryss av holmar og øyer, samt gode viker og sund. Låg horisont og vid himmel. Havet og været har sterk påverknad på opplevelinga, og dannar sterke kontraster til det frodige småbrukslandskapet. Havet i sørvest reflekterer sollyset og gir eit eige lys nær kysten som skil seg frå områda lenger nord og aust. Krossfjorden i sør er ein av hovudtilkomstane til Bergen frå sjøsida, og Tofterøyna har lenge vore heim for losane.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		

Aktive naturprosessar	Gjengroing, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Nokre småbruk og utmarksbeite	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Fylkesveg med enkel standard	Liten
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Landet opnar seg mot havet i vest, og er skjema mot sikt innover i landet av Veten massivet.	Middels
Funksjonelle	Ytterkant av kommunen mot havet, men tettare busett og travlare enn i nord.	Middels
Historiske	Hummelsundet med lang samanhengande kystkultur.	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Terrengforma med alle holmane, og havet tett på.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Sprett busetnad og velhalde kulturlandskap. Naust og naustmiljø	Middels
Landskapskarakter		
Sørvestvendt ytterkyst med småbruk, lynghei, holmar og skjær.		
Samla verdivurdering		Verdi
Karakteristisk landskapstype der kontrasten mellom storhav og frodig småbrukslandskap er landskapselement som setter tydeleg preg på landskapet. Landskapet er svært mangfaldig med eit markant preg av element frå både natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Småbrukslandskapet i havgapet er eit særprega landskap med få, ikkje dominerande negative brot og/ eller kontrastar. Det har samanheng mellom element og historiske spor som er viktige i regional samanheng. Landskapet bærer preg av medvitens formgjeving, farge og materialbruk, lesbare samanhengar og godt totalinntrykk.		Stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 11: Kårvika Austefjorden



Delområdet er mykje utbygd. Her er ein del nakent berg i sør, nokre mindre myrer finst i forseinkingar. Tynne dekke med morene finst ved Hamre, Vorland og Kausland og desse område fell saman med bebygde område, intensiv dyrka mark og naturbeitemark. Det er og små innslag av hav- og fjordavsetningar sør for Kvernvatnet. Elles er kystlynghei den vanlegaste naturtypen, der mykje er i brakkleggingsfase og ein del er i tidleg attgroing, medan svært lite areal er i sein attgroing. Dei varierer difor mest frå låg til høg kvalitet. Det som er unikt med delområde er at det fleire plassar, og særleg ved Hamre, er fleire edellauvskogar og boreonemoriale regnskogar. Her er fleire innsjøar, men få bekker.


Det mest av sjøområda i delområde ligg innanfor det som er merka som et område med geologisk arv. Her følgjer Austefjorden ein forkasting med gangbergartar frå perm og trias. Forkastinga gjekk djupt ned i jordskorpa og smelta berg störkna til basaltgangar. Gangbergartane kan studerast ved Spildepollen.



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Delområdet omfattar Austefjorden, som følger ein forkasting med gangbergartar frå perm og trias. Typiske bratte skrentar med hyller og viker langs austsida, og lange svaberg som stig frå aust mot vest langs vestsida. Enkelte holmar stikk opp midtvegs i fjorden.	Stor
Vegetasjon	Tynt lausmassedekke gjev hovudsakeleg lynnhei og nokre skogholt. Større samanhengande område med småbruk og hagar på hyller og viker langs austsida, og ved Kausland på vestsida	Middels
Arealbruk og busetnad	Busetnad er meir samanhengande langs austsida, mens vestsida har store område med lynnhei. Jord- og skogbruk særleg ved Hamre, men også Kausland og Vorland. Tettstaden Steinsland med gammal handelsplass og ferjekai ligg omlag midtvegs på den austlege breidda. Noko fritidsbusetnad. Ferga er erstatta av bru like nord for Steinsland.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 115 Forland, 116 Sæle, 122 Trellevika, 124 Sørtofta, 125 Nordtofta, 126 Steinsland, 127 Hamre, 128 Bakka, 129 Berge, 130 Vorland, 131 Kausland, 142 Kårvika, 143 Eide. Fleire forhistoriske kulturminne. Steinalderbuplassar langs fjorden, og særleg rikt ved Grunnavågen i sør (påvist i samband med vegplanlegging) og Toftøynaa. Gravrøyser langs austsida av fjorden, truleg jernalder. Båststøer frå jernalder-mellomalder ved Trellevik. Vorland mølle med dam og kverner – prioritert i kulturmiljøplan. Hummarpark ved Langholmen. Minnestøtte for omkomne i 2. verdskrig ved Kausland kyrkje – prioritert i kulturmiljøplan. Enkeltkulturminne med stor kulturhistorisk verdi. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Liten
Kulturelle referansar	Vorland mølle, minnestøtte Kausland.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Det langstrakte rommet er tydeleg definert og har sikt mot Korsfjorden forbi øyer og nes. Austsida grensar opp mot fjellandskapet på Veten, medan vestsida bølgar vidare mot havet.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Gjengroing, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Det er til dels mykje god jordbruksjord og aktiv skogsdrift på austsida av delområdet, og fleire døme på fiskeindustri langs Austfjorden	Middels
Bygg- og anleggsvirksemrd, transport	Det går bru til den nordlege delen av Tofterøyna. Vegstandarden elles er enkel, hovudsakeleg smale tofelts vegar med stikkvegar. Sprett nyare busetnad, særleg inst i Spildepollen og sørover mot Kausland.	Middels
Sammanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Langt og samanhengande fjordrom med spor av mykje menneskeleg aktivitet i strandsona. Markert som geologisk arv.	Middels

Funksjonelle	Delområdet ligg i overgang mellom dei tettare busette delane sør i kommunen, og dei meir grisgrendte mot vest. Den lune og lange vågen har busetting langs mykje av austbreidda.	Middels
Historiske	Historiske samanhengar mellom steinalderlokalitetar og strandsone, særleg ved Grunnavågsmyra.	Liten
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Den lange og djupe renna som dannar Austefjorden, med bratte skrentar i aust og svaberg i vest	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Busetting langsmed Austefjorden, bruva over til Toftarøyna	Stor
Landskapskarakter		
Lang og rett våg, skjema mot storghavet og med utsyn mot skipsleia. Busetting langsmed		
Samla verdivurdering		Verdi
Delområdet har naturpreg, men overvekt av menneskeleg aktivitet. Landskapstypen er karakteristisk og setter tydeleg preg på landskapet. Landskapet er mangfaldig, og har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, kultur og landbruk. Det er få negative og dominerande brot eller kontraster i landskapet, derimot samanhengar og spor som er viktige i lokal samanheng. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktlege og strukturert.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 12: Kleppe Forland



Her er lite nakent berg og då mest i form av strandberg. Noko myr finst i forseinkingar. Dei einaste registrerte lausmassane her er tynne dekke med morene ved Kleppe og Forland og desse områda fell saman med intensiv dyrka mark. Kystlynghei er den klart vanlegaste naturtypen her. Den varierer frå låg til høg kvalitet avhengig av grad av attgroing. Dei med høgst kvalitet er i brakkleggingsfase og dei finn ein vest og nord i delområde. Her er og nokre furu- og lauvskogar. Her er få bekkar, og dei som finst er små.

I Korsfjorden sør for Håkonsund er det ei samling holmar som et eit viktig viltområde for hekkande måsar.






Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Terrenget hallar mot søraust i flak som er sprukke i retninga sørvest/nordøst. Det er og enkelte bratte hamrar mot sørvest. Vassdrag følger dette rutenettet av sprekker. Det finst og flatare parti med myr og enkelte små vatn. Oppsprukken kystlinje med mange små viker.	Stor
Vegetasjon	Generelt tynt lausmassedekke, men tynn morene somme stader har gitt gode vilkår for jordbruk som haldast i hevd også i dag. Den søraustlege hellinga gjev godt lokalklima, og delområdet har frodig vegetasjon med småbruk, edellauvskog og hagar.	Stor
Arealbruk og busetnad	Jordbruk er og har vore viktig her. Naturressursane har vore nytta frå hav til fjell, og denne samanhengen er framleis lesbar. Landskapet ber og preg av større, samanhengande bustadutbygging i dei siste tiåra, og fritidsbustader med naust og bryggjer. Lokalt næringsliv og små bedrifter. Fylkesvegen har god standard, og nye tilkomstvegar byggas ut jamleg. Omgjevnaden er mykje nytta til friluftsliv, og den sørlege skipsleia til Bergen passerer sør om delområdet.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 112 Høyland, 113 Kleppe, 114 Kleppe, 115 Forland og 126 Steinsland. Registrerte kulturminne ligg langs kysten. Ved Sæle er det steinalderlokalitetar og gardstun med bygningar i SEFRAK. Ved Håkonsund har det vore handels- og gjestgjevarstad, bakeri og telegraf, kjent i skriftlege kjelder frå 1700-talet. Sagn om at Kong Håkon var her etter slaget på Fitjar i 960-åra. Prioritert i kulturmiljøplan. Ved Høyland er det to gravrøyser frå jernalder. Hamn ved Kleppsjøen som er bygd på særprega måte med smalt utløp. Fleire naust. Prioritert i kulturmiljøplan. Kulturmiljøa er noko fragmentert pga. nyare utbyggingar. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Liten
Kulturelle referansar	Ved Stranda skule er det minnesmerke etter eit ung liv som gjekk tapt på Utøya 22. juli.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Befolka landskap med gode og lesbare samanhengar. Lange siktlinjer innover og sørover på Vestlandet, mellom anna mot Hardanger, og gløtt vestover ut i havet.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Gjengroing, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Nye driftsformer i jordbruket, fiskeoppdrett, skog	Middels
Bygg- og anleggsvirksemdu, transport	Delområdet byggas ut til bustader og fritidsbustader, ofte i ein skala og typologi med lite forankring i lokalmiljøet	Middels
Sammanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Den sør vendte hellinga mellom ytterkyst og indre farlei gjev ei lun plassering med god oversikt over omgjevnadene.	Stor

Funksjonelle	Delområdet har relativt tett busetting og stort servicetilbod samanlikna med omliggande område	Middels	
Historiske	Ny utbygging har gitt brot i ein del historiske samanhengar.	Liten	
Nøkkelelement			
Naturskapte nøkkelelement	Terrengform og plassering mellom ytre og indre kyst	Stor	
Menneskeskapte nøkkelelement	Busetting, næringsliv og båthamner	Middels	
Landskapskarakter			
Sørvendt delområde med oversikt austover, sørover og vestover skipsled og landskap. Relativt tett busetting og frodig vegetasjon gjev eit bebudd og ivaretatt preg.			
Samla verdivurdering		Verdi	
Naturprega landskap med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting og infrastruktur. Landskapselementa har stor tyding for landskapskarakteren, og varierer mellom strandlinje, jordbruk og bustadfelt, samt utmark mot fjellet. Det har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Særpreget har innslag av bustadfelt og båthamner som forstyrrar særpreget, men står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturerert.	Middels verdi		
Tilrådd skjøtsel			
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)			

Delområde 13: Høyland Børnes



Her er lite nakent berg og få myrer som er spreidd i delområde. Det er registrert tynne dekke med morene ved Børnes, nord og aust for Førdesvatnet og ved Høyland. Desse områda fell saman med intensiv dyrka mark og naturbeitemark. Kystlynghei er den klart vanlegaste naturtypen og den varierer frå låg til høg kvalitet avhengig av grad av attgroing. Dei med høgst kvalitet er i brakkleggingsfase og dei finn ein mest sørvest i delområde. Her og ein del lauvskog og granplantefelt, og nokre edellauvskogar i nord og semi-naturlege strandeng er registrert på Børnestangen. I delområdet er det og ein del bekkar og mellomstore innsjøar







Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Ei relativt brei sørøstvendt hylle med bølgande småformer nær sjøen, før den stig bratt mot fjellet i nordvest. God visuell kontakt med Fanafjorden og Korsfjorden, og holmar og fjell innaskjers	Middels
Vegetasjon	Opne jorder, enkeltståande tre, hagar og hekkar. Varmekjære tre som ask, eik og lind trer fram. Jordbruksområda er generøse og frodige samanlikna med resten av kommunen	Stor
Arealbruk og busetnad	Småbruksstrukturen er tydeleg, men vert broten av nyare enkelståande og store einebustader og moderne bustadfelt. Nyare naust og kaianlegg er sprengt inn i tradisjonelle naustmiljø	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 105 Sund prestegard, 106 Nygård, 107 Limavågen, 109 Nedre Børnes, 110 Øvre Børnes, 111 Førde og 112 Høyland. Dei einaste kjente forhistoriske kulturminna er to skada steinalderbuplassar på Høyland, og ein i Førdespollen. Prioritert i kulturmiljøplanen er naustmiljøet i Børneshølo, og Melkeviknauset i tørrmur og skifertak ved Førdespollen. Delområdet har elles gardstun i SEFRAK og kulturlandskap som er ser ut til å vere mest intakt vest for Førdesvatnet. Ved Nedre Børnes og sør for Førdespollen er den historiske gardsstrukturen meir broten av nyare husbygging.	Liten
Kulturelle referansar	Melkeviknaustet	Liten
Romlig- estetiske forhold	Blidt og gjestmildt landskap med fjellet i ryggen, open fjord forut og sikt til skipsleia og innover land på innsida av fjorden, frodig og livleg. Korsfjorden har rykte for å vere lunefull.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Noko jord- og skogbruksdrift, endra driftsformer og jordbruk som vert forlate	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Nybygg og vegjusteringar	Middels
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Delområdet vender seg mot dei indre delane av farleia, med lange siktlinjer til fjella innover Vestlandet	Middels
Funksjonelle	Funksjonelle Busettinga minner meir om den som finst på den andre sida av fjorden, i Bergen kommune, enn det som er vanlig på vestsida av Øygarden kommune Middels	Middels
Historiske	Fragmentert men lesbar sammeheng mellom sjøbruk, småbruk og utmark i fjellet i nord	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Plasseringa i eit skjerma landskap, i overgangen mellom indre og ytre farlei.	Stor

Menneskeskapte nøkkelelement	Historiske gardsstrukturar, som i stor grad er forstyrra av moderne inngrep	Stor
Landskapskarakter		
Gjestmildt landskap med sprett busetting og eldre småbruk delt opp av opne enger, llynghei og skogholt. Fjellet dannar ryggdekning, og ein har god sikt innover det ytre fjordlandskapet på Vestlandet og dei høgare fjella lenger inn.		
Samla verdivurdering	Verdi	
Landskapet er naturprega, men med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting, infrastruktur og andre element som forstyrra særpreget. Naturlandskapet har variasjon og fleire landskapstypar. Landskapselementa har stor tyding for landskapskarakteren. Samanhengane mellom landskapselementa er viktige i lokal samanheng. Delområdet er ein del av «kvardagslandskapet». Terrengforma har strukurerande verknad på fordeling av landskapselementa, men innafor denne strukturen er landskapet ubalansert og mindre strukturer.	Noe verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 14: Lerøyna Bjelkarøyna



Berre nokre område er kartlagd for naturtypar, men ut frå flyfoto er det ein del skogsmark og ein del kystlynghei både i brakkleggning og med ulik grad av attgroing. Nær busette område er det også ein del beite. Elles er det lite nakent berg og myrområde her, og fleire område med jordbruk.




Utsnitt Askeladden, flyfoto 1962

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Delområdet hører geologisk sett til Bergensfeltet, som er kjenneteikna av dei bogeforma mjuke og harde bergartane som ligg om kvarandre, og der dei mjuke bergartane gjev godt jordsmonn. Terrengforma er småkupert, med høgste punkt på om lag 25 moh. På Bjelkarøyna kan dei karakteristiske bergensbogane opplevast ved Langedalen og Rotamyrå. Bjelkarøyna har enkelte store myrer, medan Lerøyna har Storavatnet på ca. 12 moh. Holmane mellom Lerøyna og Bjelkarøyna er konvekse, medan Buarøyna er meir småkupert.	Stor
Vegetasjon	Frodig vegetasjon med lauvtre, småbruk og tilvekst av bjørkeskog og barskog. Nær busetnad er det ein del beiteområde. Gode vilkår for jordbruk. Lite nakent berg og myrområde her.	Stor
Arealbruk og busetnad	Gode føresetnader for jordbruk og lun plassering i skipsleia har gjort at øyane har vekst fram som ferdig kulturlandskap. Busettinga domineras av småbruk og einebustader, i seinare år har det og føregått sprett utbygging av fritidsbustader. Mest på Lerøyna, mindre på Bjelkarøyna og de andre øylene. Ferje mellom Hjellestad og Klokkarvik gjev god kommunikasjon. Skjergarden er mykje nytta til fritid både for båtliv og badning.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 102 Bjelkarøna, 103 Bukken og 104 Lerøyna. Delområdet har fleire øyar med eldre gardsbusetnad, naustmiljø, og krigsminne. Det er kjent tre steinalderbuplassar og ei gravrøys. Ligg i skipsleia. Fleire bygningsmiljø (SEFRAK) på Lerøyna og Bjelkarøyna med tun, eldre vegstrukturar, steingardar, naust, og kulturlandskap. Ein god del SEFRAK-bygg er i dag borte. I sundet mellom øyane ligg tingstaden, handels- og gjestgjevarstaden Bukken med tre vedtaksfreda bygg og omsynssone i KPA. Dette er ein av dei eldste og viktigaste gjestgjevarstadane på Vestlandet, truleg frå seinmellomalderen. Mange marine funn og hamneområde i sjø. Krigsminne Buarøy fort og Lerøy batteri. Privat familiegravstad for Bukken på Lerøyna - omsynssone i KPA. Ei del nyare hyttebygging på Lerøyna og Bjelkarøyna	Stor
Kulturelle referansar	Gjestgjevarstad, handelsstad og tingstad Bukken og Bjelkarøyna frå 1500-talet. Sentral stad i skipsleia. Buarøyna med krigsminner. Historieforteljande stadnamn: Seglbakken (båtbyggjeri), Sjøbuneset, Naustneset, Kverndalen, Horsøyna, Jaktavika	Stor
Romlig- estetiske forhold	Holmane har et inviterande landskap, og sentral plassering i leia med kort avstand til land i dei fleste retningar	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Landskap i gjengroing, klimaendringar.	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Jordbruk i endring frå tradisjonell drift gjev eit enklare og fattigare landskapsbilete med fleire større og grønare jorder samt tett barskog.	Middels

Bygg- og anleggsverksemd, transport	Øyene har ferjesamband med land. Noko bilveg på dei største øyane.	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Gjestmildt og frodig landskap med god visuell kontakt med busette bredder både i Øygarden og Bergen, samt til skipsleia.	Stor
Funksjonelle	Lett tilgjengeleg med ferje	Liten
Historiske	Den tradisjonelle gardsbusetnaden og samanheng mellom tun og naust er intakt, men nyare utbygging forstyrrar.	Middels
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Delområdet er eit øysamfunn i skipsleia	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Krigsminne Buarøyna	Liten
Landskapskarakter		
Gjestmildt og variert landskap der den tradisjonelle bruken framleis er lesbar. Øy i indre skipslei med god visuell kontakt med omgjevnadene.		
Samla verdivurdering		Verdi
Samanhangande naturområde i lokal skala, med sprett busetnad og infrastruktur. Naturlandskapet har noko variasjon og fleire landskapstypar. Samansetninga av element frå natur, fritidsbruk, kultur og landbruk gjev landskapet tydeleg preg, men verdi vert redusert pga. tilgroing og brot i gammal gardsstrukturar. Samanhengen mellom dei lune hamnene, bustader og næringslivet som har oppstått i tilknyting til dette, er viktig i regional samanheng.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 15: Klokkarvik




Dei nordlege områda er lite utbygd, medan det i sør er mykje utbygd og noko intensiv dyrka mark. Her er lite nakent berg, ein del spreidde myrområde og minimalt med lausmassar. Dei fleste kystlyngheiene har låg kvalitet fordi dei er i sein attgroing, og der m.a. dei framande artane bergfuru og sitkagran dominerer. Andre er i brakkleggingsfase. Her er og nokre granplantefelt og lauvskog. Fleire eksemplar av den utvalde naturtypen hol eik i sør. Her er også ein del bekkar og mellomstore innsjøar.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Den overordna landskapsforma er skrånande svaberg frå toppen i vest og nedover mot lågaste punkt mot Raunefjorden. Landskapet har mindre terregnformer innanfor denne hovudforma, særleg helt i nord og i sør der det vert meir småkupert med flater og viker. I nord ligg Insta Sangoltsvatnet, medan Krokvatnet og Lamatjørna ligg i forseinkingar i sør.	Stor
Vegetasjon	Vegetasjonen er dominert av barskog og lyphei på skrint lausmassedekke	Middels
Arealbruk og busetnad	Noko aktivitet innan jord- og skogbruk. Sprett busetting, eldre småbruk og eldre hytter. Klokkarvik er blant dei støre tettstadene.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 105 Sund Prestegard, 148 Store-Sangolt. Der er ikkje kjent forhistoriske kulturminne i delområdet, men kyrkjestaden Sund er frå mellomalder. Klokkarvik er ei bygd med småkala struktur. Der finst og ein kolerakyrkjegard frå 1849. Ved Sundsjøen ligg kyrkjebygga med omsynssone i kommuneplanen. Her hadde innbyggjarane frå øyane i Raunefjorden og Skogsvåg rett til å legge til med båt for å komma i kyrkja. Her finst og sjøhus og bygningar i SEFRÅK, bl.a. Sund prestegard. I delområde finst fleire minnesmerke, bl.a. minnesmerke etter Alexander Stuar som er prioritert i kulturminneplanen.	Middels
Kulturelle referansar	Middelalderkyrkjegard, kolerakyrkjegard, Kyrkjebygga. Minnesmerke.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Delområdet ligger skjerma til mot eit avgrensa fjordbasseng, der den motsette breidda ligg ca. 5km unna. Danner ein grøn bakvegg i innseglinga til Bergen sørafrå. Fjella i Bergensregionen er godt synleg, m.a. Lyderhorn i Bergen (gammalt seglingsmerke)	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Gjengroing, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Utmarksressurs, det er i 2023 gjort mange tiltak i kystlyngheia for å auke verdien, noko aktivitet innan jord- og skogbruk	Liten
Bygg- og anleggsvirksemrd, transport	Lite	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Delområdet inngår i et innaskjers fjordlandskap, skjerma og med lange siktelinjer innover fjella på Vestlandet.	Stor
Funksjonelle	Grøn og høg strandlinje mot innseglinga	Stor
Historiske	-	-
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelement	Terregnform	Stor

Menneskeskapte nøkkelelement	Sund kyrkje. Klokkarvik, elles sprett busetting	Liten
Landskapskarakter		
Karakteristisk grøn kulisse langs innseglinga til Bergen		
Samla verdivurdering	Verdi	
Stort samanhengande naturlandskap i regional skala. Karakteristisk landskapstype sett tydeleg preg på landskapet. Særprega landskap med få negative brot og kontraster. Landskapet er prega av lesbare samanhengar og gjev eit godt totalinntrykk.	Stor verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 16: Sundskogen



Vegetasjonen består for det meste av furuskogar, der fleire er gamle, og blandingsskogar av furu- og lauvtrær. I nokre vestvendte lier er og små edellauvskogar, til dømes lågurtalm-lindeskog som er sårbar (VU) i Noreg. Det er og fleire innsjøar her med ein artsfattig flora (til dømes nøkkerose). Myrer, med mellom anna pors, er og viktige her, men dei er fattige. I nordvest er det store område med kystlynghei i brakkleggingsfase, men med høg kvalitet, medan det i nordaust er ein med moderat og ein med låg kvalitet. Jordbruk langs vestsida av Dommedalsvatnet. Det er sparsamt med nakent berg her. Store delar av delområde ligg og i viltområde Dommedalskogen som er viktig for ulike spetteartar og for havørn og hønsehauk




Askeladden, flyfoto 1962

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Overordna landskapsform er et dalføre mellom Veten i vest og kammen mot Raunefjorden i øst. Dalføret strekker seg nordvest - sørøst i fleire mindre dalsøkk og rygger. lågpunkta liggjer fleire myrer og vann. Sparsamt med nakent berg.	Middels
Vegetasjon	Vegetasjonen er mest furuskog, der fleire av trea er gamle, samt blandingskogar av furu- og lauvtrær. I nokre vestvendte lier er små edellauvskogar. I nordvest og nordaust er det store område med kystlynghei i brakkleggingsfase. Parti med innslag av gran og framande bartre, og spor etter aktiv skogsdrift i form av hogstflater.	Stor
Arealbruk og busettnad	I liene i nord ligg enkelte garder som har rydda seg store jorder. Gexcon Test senter har eit stort areal i skogen, og der er grusvegar og plasser som av enkelte vert nytta som tipp plass. Fv189 passerer gjennom dalen i ei rak line.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 105 Nygård, 110 Øvre Børnes, 111 Førde, 147 Litla-Sangolt, 148 Stora-Sangolt, 149 Skaga. Det meste av delområdet er utmark. Ingen kjente arkeologiske kulturminne. Ved Dommedal er det kjent nokre få bygg i SEFRAK-registeret	Liten
Kulturelle referansar	Der finst stadnamn som fortel om bruk bl.a. Kvernhushaugen, Grasdalen, Lauvbotnen, Stora Torvhustjørna, Setramyra.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Delområdet er skjerma og har ei lukka form som forsterkast av skogen, med korte siktlinjer i dei lågareliggende områda, og få landemerke.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Store delar av delområde ligg og i viltområde Dommedalskogen som er viktig for ulike spetteartar og for havørn og hønsehauk. Klimaendringar.	Stor
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Aktiv skogsdrift	Middels
Bygg- og anleggsvirksemdu, transport	En hovudveg gjennom området fv5218, to felt langs dalbotnen.	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Den innelukka terrengforma med stor og variert skog er lite typisk for kommunen	Stor
Funksjonelle	Mykje av skogsmarka er samanhengande og fleire av furutrea er store og nokre er gamle. Den mangfaldige og frodige skogen vert opplevd som lite typisk i kommunen. Testsenteret dannar et brot i skogen.	Stor
Historiske	Slik skog med store, gamle tre er sjeldan i Øygarden	Stor
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelement	Denne kombinasjonen av terrengform og vegetasjon skil seg ut frå resten av kommunen.	Stor

Menneskeskapte nøkkelelement	Fylkesvegen gjennom dalbotnen, hogstflater, næringsverksemd.	Liten
Landskapskarakter		
Lukka daldrag med gammal skog. Landskapet varierer fra myr og vatn i dalbotnane via store furuer til lettare blandingsskog i liene. Heilskapsinntrykket vert forringa av parti med innslag av gran, framande bartrær og hogstflater.		
Samla verdivurdering	Verdi	
For Øygarden er dette eit nokså uvanleg stort og samanhengande skogsområde som ligg skjerma og som inneholder fleire raudlista skogstypar. Her er stor naturvariasjon over korte avstandar. Karakteristiske landskapselement sett tydeleg preg på landskapet.	Middels verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		


Delområde 17: Veten



Her er mykje nakent berg, særleg i høgare delar. Små myrer finst i forseinkingar og det er mindre areal med tynt dekka av morene i nord. Det aller meste av delområdet er dekka av ein stor lokalitet med kystlynghei i brakkleggingsfase og med høg kvalitet. Inne i mellom er det unntaksvis kystlynghei i sein attgroing dominert av lauvtre. Det er og spesielt at det er ein gammal furuskog og eit lite bestand av lågurt-alm-lindeskog helt aust i delområdet. Ein gammal lågurt-ospeskog er registrert i sør. Her er også ein del mindre innsjøar og bekkar.




Plassering av dagsturhytte. Foto: Øygarden kommune



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Overordna landform består av konveks landområde med lange svaberg i retning mot Raunefjorden i øst, og bratte hamrar mot vest gjennomskore av rette skar. Småformane har vekslande høgdedrag og vann. Høgste punkt sør i Øygarden er Veten på 285 moh	Stor
Vegetasjon	Tynt vegetasjonsdekke på skrinne lausmassar i de øvre delane, myr nokre stader i dalsøkka. Skog etterkvart nedover sidene og på lune plasser med jord.	Stor
Arealbruk og busettnad	Delområdet har naturpreg og har vore nytta som utmark, med enkelte damanlegg. Mykje nytta som turområde i dag, og fleire godt etablerte ruter med tilrettelagt parkering.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 111 Førde, 112 Kleppe, 114 Kleppe, 115 Forland, 126 Steinsland, 127 Hamre, 128 Bakka, 129 Berge, 130 Vorland, 143 Eide, 144 Tveita, 145 Hammarsland, 147 Little-Sangolt, 150 Skoge. Det er ikkje kjent forhistoriske kulturminne i delområdet. På Veten er det eit minnesmerke (kommunalt verneverdig) etter ein flystyrt i 1948, prioritert i kulturminneplan for Sund. Flymeldepost på Steinsland frå 2. verdskrig. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Liten
Kulturelle referansar	Veten med minnesmerke. Kultursti frå Hammarsland og opp til Hesttjørna	Liten
Romlig- estetiske forhold	Fra toppen er ein høgt heva over omgjevnaden med vid utsikt i alle himmelretningar og inn i andre typar landskap. Nede i de kuperte småformane er romma meir avgrensa og siktelinjene kortare. Høgfjellspreng	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Gjengroing, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Gode utmarksressursar	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Ingen	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Eit delområde høgt heva over omgjevnaden, utan busetting og med utsikt til fjorden og fjella innover Vestlandet på innsida og havet på yttersida.	Stor
Funksjonelle	Tradisjonelt utmarksområde.	Liten
Historiske	Har vore drive som utmarksbeite truleg i fleire tusen år	Stor
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Terrengform og plassering i omgjevnaden	Stor

Menneskeskapte nøkkelement	Enkelte master, vardar, minnesmerke på toppen av Varden	Liten
Landskapskarakter		
Eit ope og stort naturområde i søre delen av kommunen, med god visuell kontakt austover innover land, sørover skipsleia og vest i havet.		
Samla verdivurdering	Verdi	
Naturområdet har få inngrep, og er eit stort og samanhengande naturområde i kystfjella i regional skala. Den karakteristiske terregnforma sett stort preg på landskapet. Masta på toppen er godt synleg, men har liten betydning for den heilskaplege vurderinga.	Stor verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		


Delområde 18: Skogsvåg- Tellnes- Haganes



Nord for Skogsvågen er det mest samanhengande kystlynghei i brakkleggs- og i tidleg attgroingsfase, medan på sørsida er kystlynghei, men som fleire mindre område. Heile delområde har og både lauvskog og planta gran og på Skaganeset er det og nokre edellauvskogar. Nokre myrdrag finst og det er ein del nakent berg, både i kystlynheiane og langs kysten. På Dala, Tellnes, Haganes og Sangolt er det ein del dyrka mark. Sistnemnde med ein del naturbeitemark.

Vest for Haganes er det eit hekkeområde for måsar.






Utsnitt Askeladden, flyfoto 1962



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Stort, ope og flikete våglandskap på østsiden av Sotra. Frå breddene ser ein mot sentrum av våglandskapet og over til andre sida. Dette gjev eit noko innadvent landskap, jamvel med sikt austover Raunefjorden og vidare innover fjella bakanfor. Blanding av våg- og smalsundlandskap med enkelte holmer og skjær. Fleire små vatn, særleg konsentrert mellom Tellnes og Hagenesvika. Skogsvågen, Haganesvika og Tellnesosen samlar delområdet.	Stor
Vegetasjon	Stor variasjon mellom kysthei med tynt lausmassedekke på toppane, restar av småbruk på Skoge og Haganes, planta barskog, lauvskog og hagar med hekker kring bustad- og hytteområde.	Middels
Arealbruk og busetnad	Vekslande område med bygder, bustadfelt, større hyttefelt rundt Grasgjelhaugen og næring på Skaganeset. Utbyggingspress langs Rv 555. Småbrukslandskap særleg kring Skoge og Sandgolt i sør, tett på det gamle fangstanlegg i Skogsvågen. Spreidd busetnad på Dala, Tellnes og Haganes. Parkanlegg på Haganes. Stort og nyare bustadfelt aust for Ådhavika.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 1 Trengereid, 52 Haganes , 53 Tellnes, 54 Dala, 147 Little-Sangolt, 148 Store-Sangolt, 149 Skaga, 150 Skoge. Mange arkeologiske kulturminne. Fleire steinalderbuplassar bl.a. på Skaganeset og langs Kvalvågen. Kvalfangslokalitet frå jernalder / mellomalder i Kvalvika. Bygningsmiljø i SEFRAK knytt til gardane Skoge, Skage og Store Sangolt (tun og naustmiljø). Skogsvå ungdomshus frå 1935 som inngår i kulturminneplan. Notabunaustet inst i Kvalvågen og sjøhus på Stekholmen. Bygningsmiljø (naust og sjøhus) i Dalavågen, Dalaneset og Tellnes. Veldefinert jordbrukslandskap. Steingardar som markerer teig og eigedomsgrenser. Ei godt kjent og dokumentert tradisjonsrik kvalfangst, omtalt i skriftleg kjelde frå 1300-talet. Terreng og våg ved Skaganeset vart nytta som fangstanlegg. Kaianlegg på Haganes opparbeida av tyskarane under 2. verdskrig.	Stor
Kulturelle referansar	Kvalfangsthistorie, steinalder til i dag. Stadnamn fortel om bruk av øyar og holmar: Kvalvika, Kvalvågen, Langskipevika, Stekholmen, Notaneset. Kartlagt kultursti frå Skaga til nordspissen på Skaganeset.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Mellomskala, lukka og skjerma landskap med Skogsvågen og djupe viker medverkar til å skape eit samansett landskap som ein ikkje finn andre stadar i kommunen i denne skalaen. Horisontlinjene er avhengig av kor ein er plassert i landskapet. Ved Skogsvågen er det korte linjer, mens dei aukar mykje frå m.a. Haganes.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels

Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Aktivt landbruksområde. Viktig viltområde på Langdalsfjellet	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Byggeverksemd relatert til utviding av eksisterande byggefelt.	-
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Dei naturprega områda er brotne i mindre einingar av riksveg og fylkesveg.	Middels
Funksjonelle	Med unntak av hyttefelt, viser busetnadene god samanheng med natur og ressursgrunnlag. Glidande overgang til omland	Middels
Historiske	Samanhangande kvalfangsthistorie truleg tilbake til steinalder. Kvalvågen er framleis lite utbygd.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Innskoren landform med viker og vågar	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Næringsområdet og kombinasjonen av småbruk og naustmiljø	Middels
Landskapskarakter		
Sjøvende dalganger og viker som vert samla i Skogsvågen. Spreidd gardsbusetnad og småskala jordbruk i veksling med nyare byggefelt og eldre småskala hyttebusetnad. Smal og særegen fjordpoll ved Tellnes. Ei rekkje mindre naturområde med små vatn og myrdrag, men med nærleik til bygdevegen som er godt tilpassa landskapet og har opplevingskvalitetar i seg sjølv. God tilgang til stiar og turløyper. Parken i Haganesvika er ein attraksjon, saman med naustmiljøet.		
Samla verdivurdering		Verdi
Naturprega delområde med spreidd busetting og infrastruktur. Landskapselement har stor tyding for landskapskarakteren. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, arealbruk, busetting og element som forstyrrar særpreget. Landskap med samanhengar mellom element eller historiske spor som er viktig i regional samanheng.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 19: Liatårnet




Her er mykje nakent berg, særskilt i høgare delar. Små myrer finst i forseinkingar og det er minimalt med lausmassar anna enn eit tynt morenedekke ved Bjørkedalen. Kystlynghei finst i det meste av delområde og det meste av dette ser ut til å være intakt og i brakkleggingsfase. I den nordlege delen er det registrert fleire naturbeitemarker og i den austlege delen er det slåttemark og fattig edellauvskog. Her er også ein del mindre innsjøar og bekkar.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Fjellområde med typisk sagtanna profil, bratte skrentar mot vest, fallande skrå sva mot aust. Vatn og myrer i nord sør gåande forseinkingar og daldrag. Fjellvassdraget, som er det største vassdraget i Øygarden, ligg for ein stor del i dette området. Liatåret høgaste punkt i Øygarden med sine 341 moh	Stor
Vegetasjon	Veksling mellom bart fjell, lynchhei og myr. Skog i dei lågareliggende delane av området, både barskog og lauvskog.	Stor
Arealbruk og busetnad	Delar av vassforsyninga i Øygarden kjem herifrå. Elles er krigsminna dei mest framtredande i området. Området er mykje nytt til friluftsliv – fleire turstiar. Stor utmarksressurs.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 34 Bildøyna, 46 Nedre Ekrhovda, 47 Søre Ekrhovda, 48 Li, 49 Liaskjeret, 52 Haganes, 53 Tellnes, 56 Søre Fjell, 101 Tyssøyna. Utmarks- og fjellområde. Lengst sør ved Røssevikvatnet, mot Raunefjorden ligg det fleire steinalderlokalitetar. Ovanfor Fjell gard (delområde 27) ligg Fjell festning som vart bygd av okkupasjonsmakta, frå 1942, bl.a. for å kontrollere den viktige hamna i Bergen. Med rekkevidde på 37.000 meter er batteriet på Fjell rekna som eit fjernkampbatteri, og var omgitt av eit nærforsvarsanlegg. Her er mange enkeltminner over eit stort område; husgrunnar, bunkerar, løpegraver, luftvern batteri, radarbrønn, lyskastaranlegg m.m. Nedlagt av Forsvaret i 2003. Ein mindre del av Fjell fort er forskriftsfreda, og inkluderer den tomme kanonbrønnen til trippeltårnet og underjordiske forlegningsanlegg. Vegen opp til fortet er den opphavlege anleggsvegen. Vidt utsyn frå fortet. Fjell fort står i ei særstilling i norsk samanheng, og er eit kystfort med ei spesiell strategisk betydning. Svært godt bevart, og sjeldan i norsk og europeisk samanheng. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Stor
Kulturelle referansar	Fjell festning. Historisk ferdselsrute kartlagt frå Fjell Gard og over festningsområdet til Langryggen og Gyrvatnet	Stor
Romlig- estetiske forhold	Stort område med vid utsikt både innover i landet, nordover og sørover, og ut i havet. Store flyttblokker. Gode samanhengar i delområdet, og tydelege landemerke i Liatåret og Fjell festning.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	Gjengroing, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Fjellvassdraget vert nytt som utmarksressurs. Utmarksbeiteressurs.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Vegar og parkeringsanlegg i tilknytting til Fjell festning	Liten
Sammanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Liatåret markerer seg som det høgaste punktet i kommunen.	Stor

Funksjonelle	Nedgang i bruken som utmarksbeite, auke i friluftsliv	Middels
Historiske	Historisk sett eit utmarksområde, der bygginga av Fjell fort under krigen markerer eit historisk brot. Heilskapleg anlegg som er lite endra.	Stor
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Dei geologiske strukturane med bratte skrentar mot vest og skråstilte sva mot aust trer frem særleg klårt fram i dette delområdet.	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Krigsminna og anlegg i tilknyting til vassdraga er mest fremtredande	Middels
Landskapskarakter		
Stort og høgtliggende naturområde, fungerer som landemerke. I delområdet er det veksling mellom lukka rom med korte siktelinjer og opne rom med lange siktelinjer		
Samla verdivurdering		Verdi
Delområdet er et stort samanhengande naturområde med få inngrep målt i ein regional skala. Terrengforma er distinkt og setter tydeleg preg på landskapet. Den er synleg og gjenkjennbar frå lang avstand. Det er få negative brot i landskapet, og krigsminna er historiske spor som er viktige i nasjonal samanheng.		Stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 20: Bjørøyna- Tyssøyna




Her er lite nakent berg og ein del myr finst i forseinkingar. Tynne morenedekke finst på aust- og vestsida, medan det på Tyssøyna er ein del hav-, fjord- og strandavsetningar. Desse områda fell saman med intensiv dyrka mark. Det er berre nokre område som er kartlagd for naturtypar her, men ut frå flyfoto er det i den sørlege delen ein del kystlynghei som truleg både er intakt og i ulike stadie av attgroing. Plantefelt med gran/sitkagran og nokre edellauvskogar er og registrert i sørleg del og strandengar er registrert i nordleg del. Totalt sett er det få innsjøar og bekkar her.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Øyar i indre fjordlandskap med fleire små holmar rundt.	Middels
Vegetasjon	Kysthei, dels intakt i sentrale delar, med veksling mellom ope berg, vekslande myr, llynghei og skog i sterk vekst. Mindre område med jordbruksflatar med grasmark og gardar.	Liten
Arealbruk og busetnad	Bjørøyna er meir utbygd enn Tyssøyna, men tunnel til Bjørøyna og sidan bru til Tyssøyna og nærliek til Bergen gjer øyane attraktive. Hovudpreg på Bjørøyna er ny bustadbygging på store tomter og særstak store einebustader. Samstundes vert mange eksisterande fritidsbustader konvertert til heilårsbustader. I tillegg tilrettelagt industri og serviceareal. Framleis noko småbruk nord på begge øylene. Skule og idrettsanlegg ved rundkøring. Viktig havbruksområde. Nyare utbygging har spreidd seg til Tyssøyna i nyare tid. Fleire friområde, både til lands og til sjøs, i strekket mellom Vikane og Vardaneset. Fv 207 kryssar øya i N-S retning. Skipslei på begge sider	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 50 Nordre Bjørøyna, 51 Søre Bjørøyna, 101 Tyssøyna. Svært rikt med forhistoriske buplassar frå steinalder nord på Bjørøy (undersøkingar i samband med bygging av veg og undersjøisk tunnel). Her finst og fleire gravrøyser i Revvika, som ligg med godt utsyn over sjøen. Munkerøysa som er ca. 25 m. i tverrmål er blant dei største i regionen. Mogleg seglingsmerke. Bygningsmiljø i SEFRÅK på Bjørøy, med blant anna kommunalt listeført naust på Nyheim – truleg frå 1600-talet. Husmannsplass og kommunalt listeført kjerreveg ved Fløte/Nyheim. Også på Tyssøy er det påvist steinalderbuplassar, gravhaugar og røyser. I tillegg finst her ein kyrkjegard frå middelalder som ligg på høgste punktet i draget mellom Tyssøyvågen og Støene. Nemnt i jordebok før 1350. To store steinblokker ligg på staden, på ein voll, mogleg tuft. Her skal og ha vore ei kyrkje (st. Ludvigs kapell), truleg bygd ca. 1300. Tyssøykruno er ein helleristing, mogleg frå mellomalder på austsida av innløpet til Tyssøyvågen. Tyssøy manglar i SEFRÅK, men også her finst det mange eldre gardstun og vegar som følgjer dei gamle strukturane. Desse to øylene ligg sentralt til i skipsleia sør for Bergen, og med god hamn særleg i Tyssøyvågen.	Stor
Kulturelle referansar	Munkerøysa, Tyssøy kyrkjegard, Tyssøykruna. Stadnamn som Varden, Kjeholmen, Naustholmen	Middels
Romlig- estetiske forhold	Mellomskala landskapsområde. Øylene har tydeleg visuell avgrensing i sundet mellom Fjell/Straume vest og Flesland i aust. Markert romdanning, med konkvens form og en ytre struktur markert med en litt uroleg kystlinje med ei mengd små og større vågar og viker.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar, Erosjon, havet	Middels

Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Framleis noko landbruksdrift i randsona av tettstadbusetnad, men stadig meir marginalt	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Middels i dag, men har potensial for å bli relativt omfattande.	Middels
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Skjerma plassering i skipsleia og med korte avstandar over sjø er særskilt	Stor
Funksjonelle	Nærleiken til Sotra. Etablering av undersjøisk tunnel til Bjørøyna bidrog til dobling av folketalet på øya	Stor
Historiske	Den tradisjonelle gardsbusetnaden og samanheng mellom tun og naust er intakt, men nyare utbygging forstyrrar.	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	-	-
Menneskeskapte nøkkelement	Undersjøisk tunnel til Bjørøyna og bru til Tyssøyna.	Middels
Landskapskarakter		
Bjørøyna og Tyssøyna ligg midt i hovudskipssleia i innseglinga frå sør til Bergen. Dei har ein variert og uregelmessig strandsone, med slake skråningar inn i det indre fjordlandskapet. Mange viker og vågar, har gitt og gir, gode kår for busetnad og bruk av sjø. Øyene har lang kulturhistorie, som enkelte stader framleis er mogleg å spore, men særleg Bjørøyna er i dag prega av omfattande bustadutbygging, hus med stor grunnflate, spreidd i småskala landskapsrom nord og sør på øya. Noko av det same ser ein på Tyssøyna, men i mindre omfang. Midtpartiet på Bjørøyna omfattar ein høgareliggjande åsrygg med stort innslag av myr, furuskog og lynghei. Nedlegging av jordbruksareal og tiltakande attgroing. Undersjøisk tunnelsamband mellom Bjørøyna og fastlandet under Vatlestraumen.		
Samla verdivurdering		Verdi
Naturprega landskap med spreidd busetting og infrastruktur. Landskapstypen med plasseringa i farleia har stor tyding for landskapskarakteren. Særpregra landskap med flere innslag av inngrep, arealbruk, busetting og element som forstyrrar særpreget. Landskapet har likevel gode samanhengar mellom element og historiske spor som er viktig i regional samanheng. Tyssøy er mindre utbygd enn Bjørøy, og dei historiske spora er meir lesbare.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 21: Ekrhovda- Li




Delområde har mykje utbygd areal. Her er lite nakent berg og minimalt med myr. Store delar av delområde har eit tynt morenedekke som fell saman med ein del intensiv dyrka mark. Kystlyngheiene, som dominerer på Liatårnet har sin austgrense i delområde, ser ut til å være intakt og i brakkleggingsfase. Her er også nokre granplantefelt, lauvskogar og edellauvskogar her. Det er ingen innsjøar her, men fleire bekkar.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Langsmalt og markert kystfjell. Karakteristisk, skråstilt "sagtann" profil. Bratte stup og fjellveggar.	Middels
Vegetasjon	Smal kyststripe. Marine avsetningar med restar av dyrka mark, grasvegetasjon og lauv- og planta gran. Mellom dei marine avsetningane er det parti med bart berg. Området stig kraftig i vest, mot Skorafjellet. Her består delområdet av mykje bart berg, og noko grasvegetasjon og lauvskog.	Liten
Arealbruk og busetnad	Forholdsvis tett busett, men med store einebustadar med romslege tomter. Ein god del grøne «lunger» og restar av dyrka mark mellom eigedomane. Delområdet er viktig friluftsområde. Fv. 205, med stikkvegar til einebustadar, frå Sotra og ned til sørspissen av delområdet.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 46 Nordre Ekrhovda, 47 Søre Ekrhovda, 48 Li og 49 Liaskjeret. Det er berre kjent eit forhistorisk funn i området; ein fjerna steinalderbuplass lengst i sør. Sjølv om fleire funn ikkje er kjent, må ein tru at området har vore i bruk i forhistorisk tid. Historisk gardsbusetnad og naustmiljø med fleire bygg i SEFRAK (registeret er ikkje komplett her). Sjøbruksmiljø ved Liaskjeret (sjøbuer). Ekrhovd bedehus frå 1914 prioritert i temaplan kulturminne. Restar etter klyngetun på Søre Ekrhovda – to våningshus – frå 1789 og 1846, prioritert i temaplan kulturminne. Eldre strukturar i delområdet er intakt, men ny bustad- og vegutbygging forstyrrar. Gjengroing av kulturlandskap.	Liten
Kulturelle referansar	Ekrhovd bedehus og sjøbruksmiljø ved Liaskjeret	Liten
Romlig- estetiske forhold	Smal stripe langs kysten, beskytta av Bjørøyna og delar av Sotra. Skorafjellet som stig kraftig i vest og framstår som ein vegg. Resultatet er eit lukka landskapsrom, med korte siktlinjer	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Tradisjonelt jordbruksområde som er i endring – no også bustadområde og næring	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Ein del nye bygg med tilhøyrande infrastruktur	Middels
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Internt eit ope og oversikteleg landskap- i ein bogeforma, men homogen kyststripe.	Liten
Funksjonelle	Dagens busetnad er resultat av forbetra infrastruktur og nye næringssvegar.	Stor
Historiske	Mindre landbruksdrift og ny bustadutbygging gjev eit historisk brot. Ein del samanhengar har gått tapt	Middels
Nøkkelelement		

Naturskapte nøkkelement	Skrånande austvendt flate mot fjorden	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Busetting i strandsona	Middels
Landskapskarakter		
Austvendt område tufta på marine sediment med nær tilknyting til strandsona og farleia (Kobbaleia). Området ligg beskytta til, med Bjørøyra og deler av Sotra som naboar. Grensar i vest mot dei bratte fjellsidene under Liatåret. Frogig vegetasjonsbilete med ein del edellauvskog. Det småskala jordbruket som prega området, er i vesentleg grad omforma til einebustader med store og frogige hagar.		
Samla verdivurdering	Verdi	
Naturlandskap med nokre inngrep, spreidd busetting og infrastruktur. Terrengforma og plassering langs farleia påverkar landskapskarakteren særleg. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, arealbruk, busetting og element som forstyrrar særpreget.	Middels verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 22: Ebbesvika




Delområde er noko utbygd. Her er lite nakent berg, men noko myr finst spreidd. Sør for Ebbesvikvatnet er det eit tynt morenedekke, og noko jordbruk langs Ebbesvikvegen og heilt sør ved Gavlen. Delområde har ein del kystlynghei i brakkeleggingsfase og tidleg attgroing. Her er og noko lauvskog og planta gran. Nokre mellomstore innsjøar dominerer i nord. Elles er det få bekkar her.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Samanbunden funksjon mellom fastland og ytre kystområde. Vekslar mellom våg og smalsundlandskap i vest, kysthei med små vavn og del av sundet mellom Lille Sotra og fastlandet. Små øyer, vågar og små viker.	Liten
Vegetasjon	Ope kystlynghei med nakent berg, myrdrag, spreidd vegetasjon (lauvtre). Felt med planta gran ved Notholmen. Framleis noko dyrka areal på Ebbesvika, omkransa av lauvskog og planta gran.	Stor
Arealbruk og busetnad	Delområdet framstår mykje som natur og kulturmark i gjengroing, og er nytta som friluftsareal. Spreidd busetnad og hytter særleg langs strandlinja. Ned til Kiparholmen er det kommunal veg.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 43 Snekkevika, 44 Gavlen og 45 Ebbesvika. Ingen kjente automatiske freda kulturminne, men her er potensial for bl.a. steinalderbuplassar. Nordre del er utmarksområde rundt fleire mindre vavn og myrer. I sør er nokre få bygningar i SEFRAK som ligg i gardstun eller naust. Nokre steingardar og kulturlandskapselement. Ein del ny bustadbygging / hyttebygging.	Liten
Kulturelle referansar	Stadnamn som Notholmen og Høgestølen	Liten
Romlig- estetiske forhold	Mellomskala, med konkveks form, repeterande mønster med nordaust-sørvest gåande forseinkingar i berget. Oversikteleg, ope landskap, sjølv om landskapet er noko lukka rundt Ebbesvikvatnet (terrenget fell og dannar eit indre basseng her).	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Marginalt jordbruk på Ebbesvika	Liten
Bygg- og anleggsvirksemdu, transport	Lite	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Området har klar avgrensing til bustadfelt og næringsareal på Sotra, med unntak av fv. 233 retning Ebbesvika-Gavlen er eit større heilskapleg, naturprega område.	Middels
Funksjonelle	Skarp overgang til bustad- og næringsareal. Busetnad og hyttefelt har glidande overgang til omlandet.	Middels
Historiske	Tettstadsutviklinga har ikkje komen hit enda, og ein kan framleis lese noko av den gamle levemåten ut av landskapet	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Sørvendt terrengefjord mot sjø	Middels

Menneskeskapte nøkkelement	-	-
Landskapskarakter		
Sørvest myr og skogsparti sør på Litle Sotra. Stort innslag av vann i veksling med myrområde. Tradisjonelle små buplassar nær sjøen i sør, større konsentrasjon hytter i søraust ved Snekkevika. Nytt bustadområde på høgareliggende parti med utsyn mot Steinsundet og halvøya Hovden. Elles naturprega og oversikteleg område. Ebbesvika med dyrka areal skaper noko kontrast i eit landskapet dominert av bart berg, hei og myr. Skuringsstriper frå breen sin vandring er tydelege.		
Samla verdivurdering	Verdi	
Samanhengande naturområde i lokal skala, med spreidd busetting og infrastruktur. Landskap som er mangfaldig og har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Framstår som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 23: Brattholmen- Arefjordpollen



Delområdet er mykje nedbygd. Her er lite nakent berg, men noko myr i nordleg del. I sør er det eit tynt morenedekke som delvis fell saman med intensiv dyrka mark. Delområde har ikkje vore kartlagd for naturtypar, men i nord er det truleg kystlynghei i tidleg og sein attgroing og som difor har låg kvalitet. Noko lauvskog og planta gran finst og ved Brattholmen. Her er det og grønstruktur (parkanlegg). Utanom Arefjordvatnet er det få innsjøar og bekkar.



Gjestgjevarstaden. Foto: Guro Steine, Asplan Viak AS



PARTI FRA FERIEKOLONIEN, BRATHOLMEN.

FOTO: I. INGBRIGTSSEN.

Frå Brattholmen, ukjent dato. Billedsamlingen UiB, Foto: Atelier KK




Frå Snekkevik, ukjent dato. Billedsamlingen UiB, Foto: I. Ingebrigtsen, Atelier KK

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Større innskore poll frå sør med fleire holmar. Arefjordpollen sentralt landskapselement. Arevatnet det einaste vatnet i området.	Middels
Vegetasjon	Noko bart fjell og heilandskap, men hovudpreget er restar av jordbruksareal, lauvskog og planta gran. Grønstruktur (parkanlegg) ved Brattholmen.	Liten
Arealbruk og busetnad	Hovudpreg med tettstad, infrastruktur, service- og næringsareal. Jordbruk særlig kring Valen og sør for Stekervika. Eldre fritidsbustader ved innløpet. Elles er området dominert av omfattande bustadbygging, hovudsakleg einebustader. Stort vegnett. Skule ved Brattholmen. Noko næringsareal vevd inn bustadområda.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 35 Straume, 36 Foldnes, 41 Arefjord, 42 Brattholmen, 43 Snekkevika. Langs Arefjordpollen er det påvist mange steinalderbuplassar, der fleire er utgravd som følgje av Sotrasambandet. I Brattholmen finst ein bautastein som er 2 meter høg, truleg frå jernalder. Bygningsmiljø i SEFRAK knytt til tun og naust ved dei historiske gardane. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet. Gjestgjevarstad på Brattholmen frå ca. år 1700 – viktig overnatting langs skipsleia. Dagens bygg er i sveitserstil, reist i 1891. Handel frå 1850-talet. God hamn. Kaien på Brattholmen er viktig samferdselsminne. Første rutebåt mellom Sotra og Bergen gjekk frå Brattholmen på 1860-talet, i 1935 kom det ferje frå Brattholmen til Alvøen. Lagt ned då Sotrabrua opna i 1972. Mykje er endra dei siste tiåra i form av bustadbygging, vegutbygging, småbåtanlegg og nye naust og kaiar. Historiske strukturar og samanhengar er, med nokre unntak, i stor grad viska ut.	Middels
Kulturelle referansar	Gjestgjevarstad Brattholmen, Brattholmen kai	Middels
Romlig- estetiske forhold	Lukka og litt dramatisk inntrykk med øyer og holmar som sperrar inn og utsyn til Arefjord og Arefjordpollen.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Liten
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Landbruk har marginal rolle i området.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Høg byggeaktivitet	Stor
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Øyer, holmar og Arefjorden, som deler området i to, bidreg til å skape eit uoversiktleg kyststripe. Området med busetjing har noko distanse til Straume. Sotrasambandet bryt skala for infrastruktur.	Middels

Funksjonelle	Moderne busetnad har samanheng med utbygging av infrastruktur og arbeidskrevjande næring.	Middels
Historiske	Historiske gardstun og naustmiljø er forstyrra av omfattande ny bustadbygging og infrastruktur. Før Sotrabrua kom var det ferjesamband mellom Brattholmen og Alvøen. Nedlegging av dette sambandet var eit historisk brot.	Stor
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Arefjord med pollen	Middels
Menneskeskapte nøkkelelement	Infrastruktur, busetnad	Middels
Landskapskarakter		
Arefjordpollen viktig landskapselement som delar området i to. Øyane og holmane ved inngangen til pollen bidreg til å gje området ein lukka karakter. Vegetasjonen er prega av lauvskog og planta gran, med grasareal i randsona til bustadfelta. Store og veletablerte byggefelt med einebustader Samanhengende busetnad som følgjer vegane.		
Samla verdivurdering		Verdi
Landskapselement som er synleg men utan spesiell tyding for landskapet. Vanleg førekommande landskap med noko særpreg. Områder med tyding for ein mindre gruppe, «kvardagslandskapet». Landskapet er ubalansert, til dels uoversiktleg, mindre strukturer og har svake samanhengar i utforming.		Noe verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 24: Hjelteryggen Knarrvika



Delområde er i stor grad utbygd. Her er lite nakent berg, men nok myr i austleg del. Ingen morenemassar er registrert. Av naturtypar dominerer kystlynghei, men dei er mest i tidleg og sein attgroing med bjørk og furu og har difor låg kvalitet. Her er få innsjøar og bekkar.



Den Norske Superfosfatfabrik i Knarrvika. Foto: Øygarden kommune, kulturminneplan Fjell kommune



Arbeidarbustader i Knarrvika. Der var 30 slike, i dag er det fire igjen i området. Kjelde:
Billedsamlingen, UiB. Foto: Atelier KK

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Terrenget skrånar frå terrenghryggen i vest mot sjøen i øst, og vender seg innover mot Byfjorden. Langs den austlege sida av delområdet ligg Svartavatnet og Lyklavatnet og dei austlege delane av Storvatnet. Enkelte bekkar drenerer frå vest mot aust.	Middels
Vegetasjon	Delområdet er prega av lysthei i gjengroing som er kome langt, med frodige bestand av furu og bjørk. Det høyrer og hage med mange av bustadane.	Middels
Arealbruk og busetnad	Delområdet er dominert av einebustader frå 70-, 80- og 90-tallet, og vegane som høyrer til, og industriområdet i Knarrevika. Busettingsområdet har nokre sørvisfunksjonar. Fleire stiar leier til Foldnesmarka lenger vest. Hovedskipsleia sør for Bergen passerer delområdet. Norwegian Talc og andre store industribedrifter ligg i Knarrevika. Det er også her Sotrabrua kjem i land, og den nye Sotrabrua vil komme attmed.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 38 Vågo, 39 Rennedalen, 40 Knarrevika, 41 Arefjord, Ingen forhistoriske kulturminne. Ein må tru at området har vore brukt i forhistorisk tid, men er i dag sterkt nedbygd. Ligg strategisk til i fjordsystemet, ved innseglinga til Bergen både frå nord og sør. Industrianlegget i Knarrevika; etablering i åra 1916-20 med bl.a. fabrikk for framstilling av gjødningsstoff, sildeoljefabrikk og anlegg for framstilling av kalk og mørtel. Dette utvikla seg til ein tettstad med produksjonsbygningar, administrasjonsbygg og arbeidarbustader. Etter at Sotrabrua kom i 1972 er Knarrevika blitt ein «industripark» i kommunen. Mange bygningar med kulturhistorisk verdi. Der er framleis ein del gode samanhengar mellom bygninga og vegstrukturar. Utviklinga av industristaden har satt sterkt preg på busetnaden og kulturlandskapet. Mange nye einebustader er reiste, også i store byggefelt. I Knarrevika finst også krigsminne, truleg bygd i samband med Knarrevika skipskontrollstasjon. Industrimiljøet og krigsminna i Knarrevika har omsynszone vern i KPA. Bustadfeltet Hjelteryggen viser bustadutvikling frå 1970-talet då bruva kom.	Stor
Kulturelle referansar	Industrireising tidleg på 1900-talet – «Knarrevikbyen». Stadnamnet Knarrevika kjem truleg av båttypen knarr, som vart nytta til frakt tilbake til vikingtid. Andre stadnamn som fortel om historisk bruk: Varden.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Skalaen i landskapet er mellomstor. Delområdet har ein enkel og oversiktleg form, og vender seg mot Byfjorden, Askøy og byfjella. Hyppig ferdsel på fjorden, samt god visuell kontakt med andre sida av fjorden gjev eit befolka og travelt preg og tilhørsle til den ytre Byfjorden.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Liten

Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	-	-
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Mykje biltrafikk over bruа. Ny Sotrabru noko lenger sør enn dagens er under oppføring (2023). Norwegian Talc og Knarrevik er ei viktig hamn. Der går mange lokale vegar gjennom einebustadfeltet.	Stor
Sammanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Delområdet vender seg austover mot Bergen og innover landet, der skalaen i landskapsromma er stor.	Middels
Funksjonelle	Sotrabrua som kom i 1972 endra bruken av landskapet	Stor
Historiske	Den historiske industristaden etablerte seg raskt for ca. 100 år sidan, og var eit brot med kulturlandskapet som må ha vore her før. Der er framleis gode samanhengar i industristaden som kulturmiljø. Sotrabrua 1972 har brufeste i delområdet og var eit anna stort historisk brot for delområdet og Sotra. Før bruа kom var det ferjesamband mellom Brattholmen og Alvøen	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Terrenghverforma, plasseringa midt i skipsleia og ein etter gammalt god hamn er særskilt for delområdet	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Industristaden, hamneområdet, bruа og bustadfeltet	Stor
Landskapskarakter		
Stor skråning utbygd i typisk einebustad-typologi frå seint på 1900-tallet. Sotrabrua kjem i land, like over stort, historisk industriområde i Knarrevik		
Samla verdivurdering		Verdi
Vanlig førekommende landskap med noko sær preg. Ein del av kvar dagslandskapet til dei som bur i området. Naturprega, men med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting og aktivitet.		Noe verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 25: Vågo Foldnes



Det er berre nokre område som er kartlagd for naturtypar her, men ut frå flyfoto er det ein del kystlynghei som truleg både er intakte og i ulike stadier av attgroing. Her er og ein del fattigmyrer og nakent berg, og berre nokre skogsområde. Hagane til eigedommane er hovudsakeleg orientert langs vegane og langs sjøen. Jordbruk særleg på Geitanger.



Foldnes



Foldnes



Våge byrjinga av 1900-talet. Billedsamlingen UiB, Foto: Olai Schumann Olsen




Utsnitt Askeladden, flyfoto 1962

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Hovudforma på terrenget er en konveks skjoldform, med varierte småkuperte former innanfor den overordna, og innskore dalar og søkk. Mange små vann og bekkar i botnen av småformene. Disse blir til større sund og vågar i fjorden mot nordvest.	Stor
Vegetasjon	Store utmarksareal med lynghei i ulike stadie av attgroing, og småbrukslandskap delvis i hevd og delvis i attgroing i dei lågare liggjande delane. Meir og mindre velhaldne hagar kring dei nyare bustadhusa.	Middels
Arealbruk og busetnad	Størstedelen av delområdet er open utmark. Småbruk, eldre hytter og bustader ligg langs vegane og i strandsona, medan utmarken er nytta til beite og friluftsliv. Geitanger er utan bilveg.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Delområdet omfattar gnr. 31 Geitanger, 37 Angelvika og 38 Vågo. Garden Geitanger er kjend i historiske kjelder frå mellomalder. I delområdet er det ikkje kjent arkeologiske kulturminne, men høgdekotene tilseier at her er stort potensiale for m.a. steinalderlokalitetar. Det er kjent eitt lausfunn frå yngre steinalder. Området på Littlesotra er i stor grad utmarksareal. Fleire bygningsmiljø (SEFRAK) på Geitanger tun, eldre vegstrukturar, steingardar, regionalt verneverdig sjøbruksmiljø (Keila), og kulturlandskap. Geitanger handelsplass i Kobbavågen (Vågen) på slutten av 1800-talet. Her var det og sildesalteri. Angelvik er kjent i skriftlege kjelder frå 1600-talet, men var truleg busett i seinmellomalder. Vågo er nemnt i skriftlege kjelder 1519, men er høgst truleg langt eldre. Der er bl.a. naustmiljø for Vågo. Seglforeninga Ran fekk tomt og klubbshus i Angelvika tidleg på 1900-talet. Dels som følgje av dette vart det bygd ein god del hytter i området av bergensarar på 1900-talet, m.a. den veglause hyttegrenda Saltskohavn. Byfolk ferierte her om somrane. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Middels
Kulturelle referansar	Hyttefelt Saltskohavn. Stadnamn som Kjeholmen og Kvernvatnet	Liten
Romlig- estetiske forhold	Delområdet er ein del av øylandskapet med ferskvatn og sund i eit landskap som til tider kan virka som ein labyrinth, og varierer mellom lange og korte siktlinjer.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Gjengroing av eit tidlegare ope kulturlandskap, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Nokre småbruk drift og beite, fritidsfiske	Middels
Bygg- og anleggsvirksemdu, transport	Nye einebustader vert bygd innimellan dei eldre, men er konsentrert om vegane. Vegene har enkel standard. Enkelte plasser er større tomter og flater sprengt ut.	Middels
Sammanhangar og brot		

Geografiske og romlege	Ope og småkupert landform. Enkelte stader er det utsikt ut av delområdet til andre delområde med høgareliggende landskapsformer.	Stor
Funksjonelle	Den delen av Little Sotra med minst utbygging og framleis mykje natur- og kulturmark.	Stor
Historiske	Fleire stader er gamle tun og naust intakt, men nyare utbygging forstyrrar, særleg Våge og Foldnes. Meir intakt på Geitanger.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Terrengformene med lune indre fjordbasseng og fleire gode naturlege hamner	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Sprette bustader	Stor
Landskapskarakter		
Landleg område med forstadspreg. Delområdet har store naturområde og konsentrerte bustad- og hytteområde.		
Samla verdivurdering		Verdi
Nokre inngrep, samanhengande naturområde i lokal skala. Naturlandskap med noko variasjon og fleire landskapstypar. Landskap som er mangfaldig og har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, som arealbruk busetnad og element som forstyrrar særpreget. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		


Delområde 26: Straume- Bildøyna- Kolltveit



Her er lite nakent berg og det er få myrer. Nordre del av delområde har noko kystlynghei som truleg er i brakkleggingsfase, medan nordre del av Bildøyna har ein del kystlynghei i attgroing. Kring sørvestlege deler av Bildøy, Kolltveit og Morlandsstø er det god jordbruksjord. Det er sparsamt med grasmark til beite og myr i delområdet. Det er ein del spreidde lauv- og furuskogar. Her og på Råna ser dei ut til å vere intakte. Nokre område med planta gran finst også. På Bildøyna og Straume er det nokre innsjøar. På Bildøyna ved Straumsundet er det kjent eit lite område med geologisk arv med breksje og mineralisering.



Bildøy på andre sida av Bildøystraumen, byrjinga av 1900-talet. Billedsamlingen UiB, Foto: Olai Schumann Olsen




Utsnitt Askeladden, flyfoto 1962


Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Området er samansett av avrunda terrenghformer og variert topografi, men med dei to straumane på kvar side av Bildøy som sentralt landskapselement.	Stor
Vegetasjon	Nord for rv 555 på Bildøy er det framleis store naturområde med både barskog og ope lystheide. Noke småbrukslandskap sørvest på Bildøy, Kolltveit og Gangstø.	Middels
Arealbruk og busetnad	Sterkt preg av urbaniseringsprosessar, med tettstad, infrastruktur, sørvis og næringsareal. Omfattande vegnett. Jordbruk på Bildøyna og nord for Kolltveit. Kraftline frå Straume, over Bildøyna og Kolltveit. Nordsida av Bildøyna brukt som friluftsområde. Øyane i nord, utanfor Bildøyna er under utbyggingspress. Sotrasambandet er under bygging og vil bli ny infrastruktur med stort arealbeslag.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 33 Kolltveit, 34 Bildøyna og 35 Straume. Særs rikt med arkeologiske kulturminne – særleg steinalderlokalitetar, både langs Bildøystraumen, på Bildøy og noko ved Straumsundet. Mange av dei er registrert i samband med planarbeid for Sotrasambandet. På Kolltveit, ned mot Bildøystraumen er det ei gravrøys frå jernalder. Rikt med bygningar i SEFRAK, men er ikkje komplett. Mølle drift på Kolltveit på 1800-talet, seinare og hermetikkfabrikk. Ved Bildøystraumen ligg Prestekaien frå 1850/60 – kommunalt listeført, og ved Straumsundet ligg Straumsundet bru frå 1924 – kommunalt listeført. Lengst aust i delområdet ligg Foldnes kyrkje, teikna av Jensen og Kruse, vigsla i 2001. Kyrkja er prioritert i temaplan kulturminne. Kolerakyrkjegard frå 1849 i Bildøybakken. Her ligg det og russiske krigsfangar. Demningsanlegg mot midtmarka. Kolltveit var blant dei største gardane i tidlegare Fjell kommune, og er nemnt i skriftlege kjelder 1519. Industriereisinga på Kolltveit gjorde at staden vokser til eit sentrum. Då Sotrabrua opna i 1972 endra området seg mykje. Straume tiltrakka seg all biltrafikken og vart eit nytt sentrum. Sartor senter opna 1978. Omforminga av landskapet i nyare tid har svekka de kulturhistoriske linjene i landskapet, særleg i sør. Nordre del av Bildøyna er urørt, og med større verdi	Stor
Kulturelle referansar	Steinalderlandskap, særleg nord på Bildøy. Mogleg å forstå fortidige strandlinjer. Dei to straumane på kvar side av Bildøy er del av den kulturhistoriske opplevinga av området. Prestekaien, gammabrygga, Straumsundet bru.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Lukka, mellomskala landskap. Bildøyna, Bildøystraumen og Straumsundet gjev landskapet eit samansett preg, med Bildøyna som landemerke. Sjøen kan vere skiftande og tidvis stor.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels

Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Driftsformer i endring.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Tettstadbygging, infrastrukturtiltak	Stor
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Svake natursamanhang grunna samansett delområde med kysthei, våg og smalsundformer Samanbindande funksjon mellom fastland og ytre kystområde.	Middels
Funksjonelle	På Straume er det skarpe overgangssoner mellom tettstadsmiljø og omland. På Kolltveit er skiljelinene meir utflytande. Her bidreg jordbruksmark og større utmarksareal til å dempe inntrykket. På Bildøyna går det ein skarp overgangssone sør og nord for Rv 555.	Middels
Historiske	Sotrabrua markerer eit brot som har gitt endring i reisevanar og busettingsstruktur. Karakteristiske historiske utviklingstrekk er difor svakt representert i delområdet. Samstundes er det framleis enkelte element som peiker bakover som jordbruksmark på Bildøyna og naust/sjøhusmiljø ved Kolltveit og på Bildøyna	Stor
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Bildøystraumen og Straumsundet er framtredande landformer. Straumane har vore viktige fiskeplassar sidan steinalderen	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Dei to bruene over Bildøyna, katalysator for utviklinga i delområdet i moderne tid.	Stor
Landskapskarakter		
Landskapskarakteren er knytt til dei tronge sunda som skil Bildøyna frå Kolltveit og Straume, høvesvis Bildøystraumen og Straumsundet, men også den store utbygginga i nyare tid. Bustadfelt ligg mellom tradisjonelle småbruk, innmark og lauvskog. Nordleg del av Bildøy er meir urørt. Omfattande veganlegg og busetnad med servicefunksjonar bind området saman, men skaper på same tid barrierar. Busetnaden er samla i klynger på høgder og knausar, med nærings og serviceareal i mellom.		
Samla verdivurdering		Verdi
Naturprega men med overvekt av menneskeleg aktivitet. Vanleg førekommende landskap med noko særpreg. Landskap med samanhengar mellom element eller historiske spor som er viktige i lokal samanheng. Områder med tyding for ein mindre gruppe «kvardagslandskapet».		Noe verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 27: Fjell



Mykje dyrka mark i og rundt tettstaden Fjell. Dalsidene aust i delområde er skogkledde, men mykje av dette er planta gran. Det er og eit rikare skogsområde dominert av hassel her. På nordvestre side av Fjell og langs vatna mot Fjellspollen er òg skogsmark og planta gran. Områda rundt det dyrka arealet består av nakent berg og nokre myrdrag. Kystlynghei finst mest aust og sør i delområde og mykje av denne er truleg intakt.




Utsnitt Askeladden, flyfoto 1962

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Markert daldrag mellom høgreliggande kysthei. Markert brattkant i aust. Inneheld spor av open kysthei med veksling av lysthei, bart berg og myrflater. Fleire små vann på rekke i nordaust-sørvest retning.	Middels
Vegetasjon	Opne bakkar med velhalde kulturlandskap kring Fjell sentrum, medan randsonene mot fjellet og vatna ofte er skogkledd. Store, gamle tre i Fjell sentrum gjev eit staseleg preg.	Stor
Arealbruk og busettnad	Velhalde jordbruksområde supplert med større nydyrkingsareal. Tettstad og sørvisareal med skule på Fjell. Rv 559 strekk seg frå tettstaden Fjell og mot kysten i vest. I tillegg kjem Rv 555, frå Straume gjennom heile delområdet vidare mot kysten i sør. Vatna og skrentane i aust er mykje brukt til friluftsaktivitet.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 57 Midtre Fjell, 58 Nordre Fjell og 59 Misje. Historisk sentrumsdanning i og ved Fjell gard. Garden Fjell kan vere frå jernalder (ut frå naturnamnet). Kulturlandskap, historiske tunstrukturar med eldre ferdsselslinjer. Mange arkeologiske funn. Kyrkja på Fjell er omtalt i 1338. Nordre Fjell prestegard er truleg frå 1100 eller 1200-talet. Elles er mange kulturminne enten kommunalt listeført eller prioritert i kulturminneplan: Fjell gamle skule, ungdomshuset Fjellheim frå 1925, demningsanlegg i Midtmarka, Gjerdet kulturminnegard og fangeleiren i Sjubotn frå 2. verdskrig. Mange gardstun og uthus er registrert i SEFRAK. Kulturmiljø i delområdet er lite forstyrra av moderne inngrep. Skala, «rytme» er oppretthalden. Omfanget jordbruket har, særleg på Fjell, gjer at staden skil seg frå andre område i kommunen. Området grensar til Fjell festning, og folk levde tett på okkupasjonsmakta.	Stor
Kulturelle referansar	Fjell som historisk senter med kyrkje, kyrkjested, skulehus og ungdomshus. Velhalden jordbruksbygd. Gjerdet kulturminnegard.	Stor
Romlig- estetiske forhold	Mellomskala daldrag med bratte skrånningar mot høgreliggande kysthei. Open visuell avgrensing, med lange siktlinjer. Innlandsområde utan kontakt med havet	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Fjell er prega av moderne jordbruk. Viktig viltområde aust for Kolavatnet og Eikhammarsvatnet, Fjellvassdraget (Sotra og Øygarden) jeger og fiskeforbund aktivt lagt.	Stor
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Nærleiken til Sotra gir utbyggingspress i delområdet	Middels
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Jordbruksområde, særleg ved Fjell er under press frå bustadutbygging.	Middels

Funksjonelle	Marine avsetningar har danna grunnlag for jordbruksdrifta i området, som er omfattande sett i lokal samanheng	Middels
Historiske	Stor tidsdjupne er framleis tydeleg i landskapet og viktige samanhengar er bevart.	Stor
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Skrentane i aust	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Kulturlandskapet	Middels
Landskapskarakter		
Markert daldrag med mykje dyrka mark i og rundt tettstaden Fjell som er det gamle kommunesenteret med kyrkje og kommunehus. Skogkledd åsside med storvaksen edellauvskog. Områda kring den dyrka marka har mykje snaue bergflater, hei- og myrdrag. Fjell er gammalt sentrum på øya og står i samband med Fjellspollen som i eldre tid gav tilkomst til sjø. Sentrumsdanning med kyrkje (mellomalderkyrkjestad), butikkar og servicetilbod. Fleire relativt store gardsbruk med aktiv bruk, gjev området eit sterkt preg av jordbruksbygd.		
Samla verdivurdering		Verdi
Samanhengande naturområde i lokal skala. Naturprega med spreidd busetnad og infrastruktur. Landskapselement har stor tyding for landskapskarakteren. Særprega landskap med fleire innslag av arealbruk, busetnad og element som forstyrrar særpreget. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 28: Fossvatnet- Kolafjellet




Her er ein del nakent berg i sør, nokre myrer finst i forseinkingar og det er minimalt med lausmassar. Kystlynghei finst i det meste av delområde og mykje av dette ser ut til å vere i brakkleggingsfase. Det er og kystlynghei i sein attgroing og som er tresatt. Fattig edellauvskog er registrert i nordaust. Her er fleire mellomstore innsjøar.

Bjørkedalen – Bårlia er eit svært viktig viltområde, der ein stor del ligg vest for hovudvegen. Dette er eit skogsområde som er viktig for mange skogslevande fuglearter.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Todelt område. Vestsida er fjell- og heilandskap med skråstilte, små dalganger ned i Fjellspollen. Austsida utgjer ein mindre dalgang med småkuperte åsdrag. Frå Fossvatnet og ned i Fjellspollen går det ei fin meandrerande elv.	Middels
Vegetasjon	Fjellområdet har innslag av hei og myr. Tresett vegetasjon rundt vatn og i søkk og forseinkingar i landskapet. Austsida dominert av lauvskog, med innslag av furu og gran.	Liten
Arealbruk og busetnad	LNF-område Næringspark på sørsida av Fossvatnet. Parkeringsareal langs Rv 555 for turområde. Innfallsport til turar på Fjell.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 53 Tellnes, 54 Dala og 56 Søre Fjell. I hovudsak utmarksområde. Ingen kjente arkeologiske kulturminne, og ingen kjente objekt i SEFRAK. Nord i delområdet ligg fleire krigsminne som inngår i kulturminnet Fjell fort, bl.a stridsvognsperring. I sør, på Tjørnhaugen ved Tellnesskiftet er det ei vaktstilling som truleg kan sjåast i samanheng med at okkupasjonsmakta frakta krigsmateriell fra Tellnes kai (lenger sør) til Fjell fort.	Liten
Kulturelle referansar	Stadnamnet Kvernvatnet	Liten
Romlig- estetiske forhold	Medan området langs Fv 555 er prega av auka attgroing og visuell liten kontakt med omgjevnadene, endrar landskapet seg til heilandskap i vest. Her er det lengre siktlinjer og ope landskapsrom mellom dei skråstilte dalgangane som pregar området.	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Attgroing	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Viktig viltområde på austsida av Rv 555.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Næringsparken	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Skogsprega vegetasjon i aust som går over i berg og heilandskap med myrdrag og skråstilte små dalganger.	Liten
Funksjonelle	Rv 555, brot i et elles isolert område.	Liten
Historiske	-	-
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Terrenghverforma og skogen	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Konsentrert til vegen og næringsparken	Liten
Landskapskarakter		

Naturprega landskap med fjellandskap i aust og heilandskap i vest	
Samla verdivurdering	Verdi
Kontrastrikt men lukka område, frå skogkledd dal og åssider langs Kolafjellet og Fossvatnet, til fjell og heilandskapet med karakteristiske skråstilte dalgangar, som vider seg ut mot Fjellspollen. Fleire vatn i området. Fjellsvatnet, med meanderande elv, skil seg ut som karakteristisk landskapselement. Hovudvegen (rv555) til Sund går gjennom området.	Stor verdi
Tilrådd skjøtsel	
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)	

Delområde 29: Hammarsland Skogsskiftet




Her er lite nakne berg, men ein del myrområde. Dei einaste registrerte lausmassane her er eit tynt dekke med morene ved Hammarsland. Der er det no bygningar og intensiv dyrka mark. Kystlynghei ligg vest og nord i delområdet og det meste er i brakkleggingsfase med moderat og høg kvalitet. I dei same områda er det og nokre område med kystlynghei i sein attgroing og skogdekt, og med svært låg kvalitet. Andre skogdekte areal finst mellom anna rundt Skogsvatnet/Kvernavatnet. I tillegg til Kvernavatnet er det nokre mindre innsjøar og få bekkar.




Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Innovervendt innlandsområde utan tilknyting til sjø. Ferskvatn, myr og bekkar i lågtliggende terren. Småkupert terregn som varierer mellom høgdedrag på ca. 75 moh og Skogsvatnet/Kvernavatnet på 24,5 moh.	Stor
Vegetasjon	Lynghei i gjengroing med skogholt, nokre eldre busettingar. Skrinne hagar i dei nyare bustadområda	Middels
Arealbruk og busetnad	Sentrumsfunksjonar med bensinstasjon, bussterminal og handlesenter, samt nyare busetting som vert bygd i det som har vore ei relativt aude utmark. Lite aktivt jord- og skogbruk, men utmarken er viktig ressurs. Busetting på toppane bryt horisonten særleg i Lyngvegen. Dette kan bryte inn i andre landskapsrom og være synleg frå lange avstandar. I hovudsak nye bygningstypologiar utan særskilt forankring til kommunen eller staden.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 1 Trengereid, 145 Hammarsland, 150 Skoge. Ingen kjente forhistoriske kulturminne, og har fram til moderne tider i hovudsak vore utmark. Aust i delområdet ved garden Skoge, finn ein jordkjellar og naust/torvhus under Skoge, registrert i SEFRÅK. SEFRÅK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Liten
Kulturelle referansar	Stadnamnet Kvernavatnet. Kultursti frå Hammarsland og opp til Hesttjørna	Liten
Romlig- estetiske forhold	Delområdet utgjer ein bølgande flate med stadvis lange siktlinjer, men få tydeleg definerte rom. Lite siktlinjer ut av delområdet anna enn frå toppane, som Hammarslandhaugen og Steinafjellet.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Lynghei i gjengroing, klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Gode utmarksressursar i gjengroing og en del lagt ut til byggeareal/veg	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Området er under utvikling, med nye bustader og sentrumsfunksjonar samt betre vegar.	Stor
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Delområdet framstår som et høgtliggende innlandsområde og noko lukka for omgjevnaden	Middels
Funksjonelle	Overgangen frå dei gamle næringsvegane til sørvisnæring er tydeleg. Delområdet utgjer ein kontrast til omgjevnaden ved at utbygginga har relativt stor skala og lite forankring i den lokale kulturen.	Middels
Historiske	Det tradisjonelle utmarksområdet er i endring, og arealet vert i stadig større grad nytta til bustad og næring	Middels
Nøkkelelement		

Naturskapte nøkkelement	Enkelte stader får ein lange siktelinjer til Liatårnet og Veten som er sterke identitetsbærende landemerke og forklarande for kor ein er.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Nye vegar og bygg tilpassa moderne levemåte og omformar staden til å likne andre tilsvarande stader.	Stor
Landskapskarakter		
Aude utmark i transformasjon til busetting og næringsliv med svak forankring til lokale vilkår.		
Samla verdivurdering		Verdi
Samanhengande naturområde i lokal skala, naturprega med sprett busetnad og infrastruktur. Naturlandskapet har lite variasjon, med landskapselement som har lite tyding for landskapet. Landskapet har lite variasjon, lite innslag av natur og kulturverdiar, og er vanlig førekommande med noko sær preg. Det utgjer «kvardagslandskapet» for dei som bur der og passerer gjennom, og har svake samanhengar i utforminga.		Noe verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 30: Storavatnet Kørelen



Her er ein del nakne berg, særleg på dei høgaste områda. Ein del myrer finst i forseinkingar. Når det gjeld lausmassar er det registrert marine strandavsetningar nord for Botnen, hav-, fjord- og strandavsetningar sør for Kørelen og tynt morenedekke aust for Smedvika. I desse områda er det ein del dyrka mark. Lyngheiene dominerer og er både i brakkleggingsfase og sein attgroing. Den siste gruppa er gjerne skogsdekt. I søraust er det ein del naturbeitemark, men også edellauvskog og gammal lågurt-ospeskog. Den store innsjøen Kørelen dominerer og i tillegg finst ein del små og mellomstore innsjøar. Her er også ein del bekkar.




Askeladden, flyfoto 1962

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Stort innlandsområde med store ferskvatn. Storhaugen utgjer høgaste punkt på 84moh. I sprekkstrukturen ligg fleire vatn, Kørelen er det største og ligg 2moh	Stor
Vegetasjon	Dominert av kystlynghei, delvis i attgroing, som fleire plassar er sparsam fordi her er ein del nakent berg. Furu- og lauvskogar, og plantefelt med gran er vanlegast i midten av delområdet.	Stor
Arealbruk og busetnad	Lite busetting. Noko jordbruk med innmark, hovudsakeleg utmark. Enkelte hytter. Populært friluftsområde.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 1. Trengereid, 2 Kallestad, 140 Nipa, 141 Spilda, 144 Tveita, 145 Hammarsland. Med unntak av innmarka for garden Kallestad er dette i hovudsak utmarksområde. Ingen kjente arkeologiske kulturminne på land. Garden Kallestad er kjent frå mellomalder. Like vest for Kallestad finst ein støl som vart nytta for fleire bruk. Alder ukjent. Ruin etter stølshus, skjeneflor, steingard, slatte- og beiteeng. Prioritert i kulturminneplan. Vidare vest ved Kjereide er ein gammal kastevåg, som framleis er i bruk – sjå delområde 8. I sør ved Kvernelva som renn mellom Storavatnet og Kørelen ligg eit kvernhus. Ukjent alder, men i bruk fram til 1938. Til dels velhalde kulturlandskap med steingardar og utløper. Lite husdyrdrift og utsprenging/planering fragmenterer. Redusert beitetrykk medfører attgroing. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Middels
Kulturelle referansar	Stølen på Kallestad med kulturlandskap. Kallestadkverna. Kastevåg ved Kjereidet. Der finst stadnamn som fortel om bruk bl.a. Skjenhaugen Gamlasveda og Isbragdet Historisk ferdsselsrute kartlagt frå Nipa ved Telavåg, og nordover til Kjereidet og Kallestad. Sagn om sjøorm i Kørelen, ikkje sett sidan 1910. Skal ha slukt eit brudefølge.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Innlandslandskap der nakne fjell med lyng utgjer synsrandar, siktlinjer til horisontar lenger unna frå høgdedrag	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Kulturlandskap i gjengroing, klimaendring	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Noko aktivitet innan jord- og skogbruk.	Middels
Bygg- og anleggsvirksemrd, transport	Busetnad og smale vegar i utkanten av delområdet.	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Veksling mellom lange siktlinjer på høgdedraga, og korte siktlinjer nede i småformene.	Stor
Funksjonelle	Stort naturområde med fast land	Middels
Historiske	Reduksjon av beitebruk og auka fritidsbruk.	Middels
Nøkkelelement		


Naturskapte nøkkelement	Stor ferskvassinnsjø er spesielt for kommunen	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Kulturlandskap	Middels
Landskapskarakter		
Ope lyngheilandskap med bart fjell, store ferskvatn-flater, myrer og sprekkedalar. Siktliner ut av delområdet frå bestemte stader. Lite busetting.		
Samla verdivurdering	Verdi	
Delområdet er eit stort og samanhengande naturlandskap som inngår i eit større naturlandskap med regional skala. Landskapstypen er karakteristisk og berget, ferskvatna og lyngheia sett tydeleg preg på landskapet. Her er få negative brot og kontraster, og gjev eit godt totalinntrykk.	Stor verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 31: Fjellspollen- Trengereidpollen



Her er ein del nakent berg, nokre myrer finst i forseinkingar og det er minimalt med lausmassar her. Kystlynghei finst i det meste av delområde og det meste av dette ser ut til å vere i brakkleggingsfase. I den nordlege delen er det registrert fleire naturbeitemarkar. Utanom Ulvestadvatnet er det nokre mindre innsjøar, men mange bekkar renn ned til pollen her.

I lyngheimråde på Stortårsnet, sørvest for Dale, er det ein stor blandingskoloni av måsar.




Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Særprega område med langsmal kil. Lengre strekk med urørt strandlinje, særleg nordleg del.	Stor
Vegetasjon	Kysthei, myr, bart berg, enkelte stader små flater av dyrka mark. Rundt pollen og i forseinkingar er det lauvskog og noko gran.	Liten
Arealbruk og busettnad	Hyttefelt langs vegen. Småbåthamn i tilknyting til hyttefeltet. Dalseidet. Mindre busettnad med kommunal veg, knytt til landbruk og pollen (sjøen). Småbåthamn på Selvågen. Elles mykje utmark.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 1 Trengereid, 2 Kallestad, 3 Ekra, 4 Nordvika, 54 Dala, 55 Dalseidet, 56 Søre Fjell. Utmarksområde. Fjøremannsanlegg i Bjørnavågen, like ved utløpet for Fjellvassdraget. Her er godt fiske, særleg med tanke på laks som går forbi, inn til Fjellslypa. Det er funne ei øks i grønstein ved Fjellslypa (steinalder). Det er elles ikkje kjent andre kulturminne i delområdet.	Liten
Kulturelle referansar	Fjøremannstufter. Stadnamn som Kvernavika og Slåttevika sør i delområdet	Liten
Romlig- estetiske forhold	Konkavt landskapsrom. Fjellspollen sentral landskapsform, har svak austleg bøgeform. Medverkar til at det er korte siktlinjer og eit lukka landskapsrom.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Viktig viltområde på søraustsida av Trengereidpollen	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Lite	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Dominert av Fjellspollen. Bøgeforma på pollen bidreg likevel til at landskapet får eit smått uoversiktleig preg. Området ligger isolert frå nærliggande tettstadbusettnad	Stor
Funksjonelle	Lang og i hovudsak urørt strandlinje	Liten
Historiske	Delområdet har vore drifta som utmark i lang tid	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Fjellspollen	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	-	-
Landskapskarakter		

Fjellspollen / Trengereidspollen nøkkelement i landskapet. Pollen går i svak bogeform gjennom ei sprekkesone. Dette gjev området eit lukka preg. Først når du kjem inn i pollen får du ei viss oversikt over området. Karrig vegetasjon med mykje bart berg, i søkk og forseinkingar lauvskog og noko gran. Området ligg i hovudsak isolert frå busetnad, med få tekniske inngrep eller infrastruktur. Nokre hytter med god tilpassing i landskapet.

Samla verdivurdering	Verdi
Samanhengande naturområde i lokal skala med spreidd busetting og infrastruktur. Terrenget er det landskapselementet som har størst tyding for landskapskarakteren. Landskapet framstår balansert, lesbart, oversiktlag og strukturert.	Middels verdi
Tilrådd skjøtsel	
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)	

Delområde 32: Ulveset



Her er ein del nakent berg i søraust og nokre myrer finst i forseinkingar. Det er eit tynt morenedekke sør for Ulvesetvatnet som fell saman med ein del intensiv dyrka mark. Slik mark finst og nord for Ulvesetvatnet. I slike område er det også registrert både naturbeitemark og hagemark. Kystlynghei finnast mest vest og aust i delområde og er både i brakkleggingsfase og i tidleg og sein attgroing. Utanom Ulvestadvatnet er det nokre mindre innsjøar. Lite bekkar.




Lemstove på Tveita. Foto: Halvor Skurtveit. Kjelde: temaplan kulturminne, Fjell kommune

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Området varierer mellom kupert kysthei på ca. 50 – 75 moh og Ulvesetvatnet som ligg på ca. 16 moh og deler området i to.	Stor
Vegetasjon	Ope kysthei med veksling av kystlynghei, bart berg, myrflater og enkelte små plantefelt. Småskala jordbruksområde ved Ulveset og Nordvika.	Stor
Arealbruk og busetnad	Større samanhengande jordbruksareal med gardsbruk i drift. Nokre bustadfelt, samt skule og andre servicetilbod langs Rv 559. Rv 559 strekk seg gjennom området i aust-vest retning på nordsida av delområdet, med nokre stikkvegar til gardsbusetnaden på Ulveset, samt bustadfelt ved Møvik. Fv 205 langs vestsida av Ulvesetvatnet. Spreidd bustadbygging langs Fv 205.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 4 Nordvika, 5 Bratten, 6 Nese, 7 Tveita, 8 Ulveset, 9 Åse og 10 Skoge. Ingen kjende forhistoriske kulturminne, men på Ulveset er det gjort funn av eit vektlodd frå yngre jernalder/mellomalder, og ei ringspenne frå mellomalder. Dette vitnar om at området har hatt forhistorisk gardsbusetnad. På same garden ligg smie (ca. 1900) og steinfjøs (ca. 1898) – begge kommunalt listeført. På Tveita ligg ei leinstove (tidl. 1800-t), eldhus (1800-t) og gardskvern (1910). Kommunalt listeført. Demingsanlegg ved utløpet av Ulvesetvatnet – er knytta til Nordvikkverna i delområde 7. Radarplattform frå 2. verdskrig på Skoge (Støttepunkt Møvik). Fleire steingardar og kulturspor i landskapet, og elles mange gardstun og uthus på Ulveset og Nordvik som er registrert i SEFRAK. Kulturmiljø og kulturlandskap i delområdet er relativt lite forstyrra av moderne inngrep, sjølv om det har komme mange nye bustadhус	Middels
Kulturelle referansar	Jordbrukslandskap, gardshistorie. Stadnamnet Varden nord i delområdet.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Mellomskala landskap. Open visuell avgrensinga mot kysten og med lang horisontlinje. Mot aust, i retning Fjell, er den visuelle avgrensinga meir lukka. Slak, konveks romdanning, markert ved overgangen landbrukslandskap-kystheilandskap.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Stor
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	I utgangspunktet småskala landbruk, som held landbruksareal i hevd. Nyleg er det satt i gong relativt store nydyrkingsprosjekt som gjer at drifta er stor samanlikna med andre område i Fjell. Endra driftsformer	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Noko byggeverksem i samband med eksisterande reguleringsplanar/utviding av eksisterande bustadfelt. På nordsida av Ulveset vert det utført relativt omfattande grunnarbeid	Middels
Sammanhangar og brot		

Geografiske og romlege	Området mellom Ulvesetvatnet og busetnaden langs kysten er eit større naturprega område, omkransa av landbruksareal og busetnad.	Middels
Funksjonelle	Tydeleg overgang frå busetnad-omland, god samanheng mellom natur-/ressursgrunnlag og bruksmønster (landbruk).	Middels
Historiske	Det er framleis samanhengar i historiske strukturar og bygningsmiljø, men dette vert gradvis viska ut av ny utbygging.	Middels
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Terrenghform vendt innover.	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Kulturlandskapet	Stor
Landskapskarakter		
Blanda natur- og jordbrukslandskap med pågående tettstadutvikling på Møvik. Ulveset aktiv og veldefinert jordbruksbygd. Områda rundt Møvik og Ulveset, er prega av store opne flater med bart berg og myrflater, På austsida av vatnet dannar fjellryggen avgrensning av landskapsområdet. Vest for vatnet ligg slake enger og beitemark med spreidde gardstun. Samla sett eit ope kulturlandskap med relativt stor romleg oppleving til å vere i Fjell. Rv 559 mellom Møvik og Fjell, saman med ekspansjon av utbygging og skule er viktige moderne element i landskapet.		
Samla verdivurdering		Verdi
Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, arealbruk, busetnad og element som forstyrrar særpreget. Landskapet framstår balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 33: Midtmarka




Her er det mykje nakent berg, særleg på dei høgaste områda. Morenedekke er omtrent fråverande. Myr finst spreidd og ein av desse er klassifisert som naturtypen sørleg nedbørsmyr. Kystlynghei dominerer og har for det meste høg kvalitet. Det er kjent nylege brannar både frå 2006 og 2021. Dei fleste kystlyngheiene er i brakkleggingsfase og attgroing med buskforma tre, og berre nokre plassar finst skogsmark. Naturbeitemarker finst spreidd. Her er rikeleg med innsjøar og bekkar.



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Delområde samansett av skjoldforma, konvekse terregnformer, delt opp av djupe sprekker og kuperte småformer. Vatn og myrdrag følger sprekkeformene og forseinkingane. Spjeldsfjellet på 165 moh er høgaste punkt.	Stor
Vegetasjon	Tynt lausmassedekke og mykje bart fjell. Lynghei i ulike stadier av gjengroing og enkelte skogholt. Storbrannen i 2021 har satt synlege spor.	Stor
Arealbruk og busetnad	Delområdet er i hovudsak nytta til utmarksbeite og som friluftsområde. Det er avgrensa slik at sprett busetting kan førekommme i randsonene.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 8 Ulveset, 10 Skoge, 11 Møvika, 15 Skålvika, 17 Sekkingstad, 20 Eide, 21 Kårtveit, 28 Spjeld, 29 Fjæreide, 30 Knappskog, 32 Morland, 33 Kolltveit, 57 Midtre Fjell, 58 Nordre Fjell. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet. Vasskraftindustri i Midtmarka med fleire demningsanlegg, prioritert i kulturmiljøplan. I Midtmarka på Sotra, mellom Kolltveit i aust og Skålvika i vest, er det fleire kulturminne som skriv seg frå utnyttinga av vasskrafta i området. Det er mindre stemmer og større demningar i betong og naturstein, ferdselsårer, steinbruer med meir.	Middels
Kulturelle referansar	Demningar, ferdselsvegar knytt til vasskraft.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Landskapsopplevelinga varierer mellom storskala der ein kan komme opp på toppane og få vidt utsyn, og småskala i sprekkedalane og dei småkuperte terregnformane. Når lyngen blømer er området farga av dette, og dufter av honning. Terregnforma dannar eit mønster som er repetativt.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Stor
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Noko utmarksbeite men mykje endring i driftsform. Lyngheia har vore i gjengroing. Fleire brannar har gjort at ein no prøver å ta opp att å svi lyngheia for å redusere branfare.	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Det går ei kraftline gjennom området frå transformator på Little Sotra til Ågotnes.	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Delområdet står fram som eit innlandsområde og er ikkje i kontakt med sjø. Det er likevel god visuell kontakt til havet på utsida og fjorden på innsida frå høgareliggende område.	Stor
Funksjonelle	Endring i drifta av området som utmarksbeite og til eit rekreasjonsområde kan medføre stor endring om nokre år	Middels
Historiske	Vasskrafthistorie	Liten
Nøkkelelement		

Naturskapte nøkkelement	Distinkt terregnform som er synleg grunna det tynne lausmassedekket.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Kraftlinia, ulike dam- og vassforsyningasanlegg	Middels
Landskapskarakter		
Stort og samanhengande naturområde med lysthei, fjell og vatn.		
Samla verdivurdering		Verdi
Stort og samanhengande naturlandskap som inngår som del av eit regionalt naturlandskap. Få inngrep, særprega og med få negative brot og kontrastar		Stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 34: Morland




Her er lite nakent berg. Nokre få myrområde finst nordaustleg del, der det og er eit tynt morenedekke og jordbruk. Mykje av lauvskogen ved Morlandsvatnet, og delvis ved Stemmevatnet, er kystlynghei i sein attgroing og har svært låg kvalitet. I sør og vest ser kystlyngheiane ut til å vere meir i brakkleggingsfase. Her er få bekkar.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Delområdet er ei mindre dalgang nedskore i ope og vid kysthei, med Morlandsvatnet i midten. Myrområde og små vatn andre viktige element. I randsona av dalgangen ligg grånde bergoverflate, som er grovkupert med klipper og skar med små sprekkedaler imellom.	Stor
Vegetasjon	Betydeleg innslag av lauvskog rundt Morlandvatnet og Stemmevatnet. Jordbruksareal særleg koncentert rundt aust-søraustsida av vatna. Bart fjell i kombinasjon med heilandskap, i mindre omfang på nordsida av delområdet.	Middels
Arealbruk og busettnad	Små bustadområde med store tomter. Noko tradisjonelt småbruk, særleg i sør, men stadig fleir avviklar. Kommunal veg frå Morlandsstøa til Morland. Sørsida av Morlandsvatnet og Stemmevatnet med spreidd busetting. Fortetting av eksisterande mindre byggefelt ved Morlandsvatnet. Vatnet og dei høgareliggende randsonene av delområdet inngår i viktig friluftsområde.	Liten
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 30 Knappskog, 32 Morland og 33 Kollveit. Ingen kjende forhistoriske kulturminne. Lengst sør ved Morland er det eit større og samanhengande kulturlandskap med kulturminne frå nyare tid i form av stein- og bakkegardar, rydningar, klopper og oppmura bekkeløp. Kommunalt listeført. Gjennom området går eit parti av den gamle kyrkjevegen frå Morland til Fjell. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Stor
Kulturelle referansar	-	-
Romlig- estetiske forhold	Konkav, småskala landskapsform. Avgrensa dalgang med forholdsvis tydelege overgangssoner. Vurdert mot resten av Fjell kommune har landskapsområdet en lukka visuell avgrensning med kort horisontlinje. Flikete vatn bidrar til å gi landskapet kompleksitet i dalbotn.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Avgrensa landbruk i tilbakegang. Endra driftsformer	Stor
Bygg- og anleggsvirksemder, transport	Lite	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Betydeleg innslag av attgroing medverkar til forstyrre å biletet, men framleis fin flyt mellom vatn, jordbruksareal og utmark. Medverkar til å knyte området godt saman og bryt ikkje med geografisk og romleg samanheng.	Stor

Funksjonelle	Kommunal veg og små bustadområde har glidande overgang til landskapet. Jordbruksområdet er på veg attende, men det er tydeleg samanheng mellom natur-/ressursgrunnlag og bruksmønster.	Middels
Historiske	Historisk bruk (jordbruk) er framleis tydelig avtegna i landskapet.	Middels
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Terrengforma	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Kulturlandskapet	Middels
Landskapskarakter		
Skjerma dalgang med Morlandsvatnet og Stemmevatnet som viktige landskapselement. Området er i attgroingsfase med vegetasjon prega av lauvskog- og planta gran. Myrdrag i mellom skogvegetasjon. Karakteristisk for området er kontrasten mellom grøn, frodig vegetasjon og det omkringliggende heilandskapet med bart fjell. Mindre bustadområde med nyare busetnad gjer området til ein eigen bygd utan gjennomfartsveg		
Samla verdivurdering		Verdi
Samanhengande naturområde i lokal skala med nokre inngrep. Naturprega med spreidd busetnad og infrastruktur. Naturlandskap med noko naturvariasjon og fleire landskapstypar . Landskapstype som har stor tyding for landskapskarakteren. Særpregat landskap som har fleire innslag av arealbruk og andre element som forstyrrear særpreget. Landskapet framstår balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 35: Fjæreidpollen




Her er lite nakent berg og myr. Tynne morenedekke finst i nordaust og i sørvest og fell i sør saman med intensiv dyrka mark og nokre naturbeitemarker. Kystlynghei dominerer og fleire har truleg høg kvalitet og er i brakkleggingsfase. Der er tydeleg seine attgroingar som areal dekt av tre sør for pollen. Her er det også eit granplantefelt, ein edellauvskog og ein gammal lågurtospeskog. Her er få innsjøar og bekkar.


Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Markert og djupt innskore poll mellom grunnfjellskausane.	Stor
Vegetasjon	Myr og skogsvegetasjon på flate parti på sørsida av pollen. På sørsida av Fjæreide eit avgrensa område med verdisett naturtype (C, lokal viktig). Lauvskog og mykje planta gran rundt pollen. Elles bart heilandskap i randsona rundt pollen og landskapsområdet.	Middels
Arealbruk og busetnad	Mindre bustadområde på søraustsida av pollen langs vegen inn til vassverket. Kommunal veg inn sørsida av Fjæreidpollen, frå Knappskog. Ytterkantane av delområdet inngår i større område som er mykje nytta til fritid.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 28 Spjeld, 29 Fjæreide og 30 Knappskog Med unntak av garden Fjæreide har store delar vore utmarksområde. Det er kjent eitt forhistorisk kulturminne: ein steinalderbuplass i Djupedalen. Ved Fjæreide er det mange oppføringar i SEFRAK, dei fleste av dei er ruiner / tapt. Ved Stemmevatnet er det ei stemme av tørrmur. Ved Liaträet finst ein steingard som går rundt heile bruket	Liten
Kulturelle referansar	Stadnamn fortel om tidlegare tiders bruk: Kvernadal	Liten
Romlig- estetiske forhold	Konkav landskapsrom sentrert rundt Fjæreidpollen. Ope landskap i eit avgrensa rom.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Endra driftsformer	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Lite	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Større naturprega område. Med unntak av busetnaden og vegnett ved Fjæreide er det ubroten samanheng frå fjell til pollen.	Middels
Funksjonelle	Småskala landbruk på Fjæreide tilpassa dei naturgjevne forholda inst i Fjæreidpollen.	Middels
Historiske	Framleis mogleg å sjå delar av jordbrukslandskapet, også i form av gamle steingardar, men spreidd busetnad og attgroing har i stor grad overteke. Jordbruk har i dag marginal rolle i området.	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Fjæreidpollen	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Busetting og hytter	Middels

Landskapskarakter	
Samla verdivurdering	Verdi
I hovudsak eit naturområde, sprekkesone med djupt innskore poll mellom markerte og bratte fjellknausar med kystlynghei og med Fjæreidpollen som sentralt landskapselement. Noko preg av busetnad. Landformer, med dalgang, skil området frå omkringliggende landskapsområde i sørvest. Samla sett er jordbruk ikkje vesentleg i området, spreidd busetnad har teke over. Attverande, tidlegare slårte- og beitemark er prega av attgroing.	Middels verdi
Tilrådd skjøtsel	
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)	

Delområde 36: Knappskog



Her er lite nakent berg og lite myr og det er minimalt med lausmassar. Av naturtypar dominerer kystlynghei, men dei er mest i tidleg og sein attgroing og har låg og svært låg kvalitet. Dei framande artene bergfuru og sitkagran er dei viktigaste artane i attgroinga. Her er få innsjøar og bekkar.




Flyfoto frå 1962 viser ei anna busettingsstruktur utan bru over Spjeldsundet


Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Austvendt strandsone med stor variasjon i småskala landformer. Knappavågen småskala oppbrote smalsund og viker. Einskildvatn nord for Spjeldsfjella.	Middels
Vegetasjon	Vestsida, langs Spjelfjellet og Knappskogfjellet, bart heiområde, men elles er området en vegetasjonsrik del av Fjell kommune, med mykje lauvskog og en del granplanting.	Middels
Arealbruk og busetnad	Eldre busetnad og kaianlegg i veksling med nyare små bustadfelt. Fv 561 strekk seg gjennom heile området i N-S retning. Frå Spjeld og sørover er det ein mengde stikkvegar frå riksvegen til bustadfelt og næringsareal. Skuleanlegg inn mot Fjæreidpollen. Fleire småbåtanlegg i området. Knappane er mykje nytta friluftsområde.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 27 Ågotnes, 28 Spjeld og 30 Knappskog. Funn av fleire forhistorisk busettingar frå steinalder ved Søra Knappevågen og Spjeldsøyna. Ved Areknappen er fleire steinalderbuplassar gravd ut som følgje av utbygging. Mange bygningar i SEFRÅK-registeret ved bl.a. Spjeld, Ormvik, Buvik, Grønaseta, Knappskog og Grotvika. Dei viser kvar dei historiske gardstuna har lagt. Ein del steingardarar finst enno, men samanhengar mellom tun og enkeltobjekt har i stor grad gått tapt som følgje av nyare bustadutbygging. Unntaket er i nord der større urørte område (utmark) gjer at steinalderbuplassane framleis ligg i samanheng til sjø og eldre tiders strandlinje.	Middels
Kulturelle referansar	-	-
Romlig- estetiske forhold	Markert romleg avgrensing mot kystheia i bakgrunnen og Fjæreidpollen. Området har lite variasjon. Horisontlinjer mot Geitung, Sotra og fastlandet.	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Noko landbruksareal vert halde i hevd på vestsida av Rv 561 ved Knappskog. Heilt i sør er liten flik del av kjerneområde landbruk. Endra driftsformer.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Byggeverksemdurelatert til nybygging. Transport gjennom Rv 561 til Ågotnes, mykje pendlarverksemdurelatert.	Middels
Sammanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Store bustadfelt rundt Rv 561 med skarpe skilleliner mot naturlandskapet brot i landskapet. Framleis bevart kystheimråde i nord gir kontinuitet her.	Middels
Funksjonelle	Utgangspunktet for etablering av naust og sjøhusmiljø var fiske og jordbruksressursane. I seinare tid gass/olje og utbygging av infrastruktur som gjorde utbygging av bustadområder mogleg.	Middels

Historiske nøkkelement	I nord ligg steinalderbuplassane i samanheng med sjø og urørt landskap. I sør er samanhengar i dei historiske gards- og naustmiljøa brotne av utbyggingar.	Middels
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelement	Spjeld, Fjæreidpollen.	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Rv 561, bruva mellom Spjeld og Knappskog.	Liten
Landskapskarakter		
Austvendt område i overgang mellom strandsone og lystheier med mykje lausmassar og berg/heilandskap i randsona. System av små viker og pollar og sær variert og opplevingsrik strandsone. Spjeld, med overgang til Fjæreidpollen er ein sentral del av områdets karakter. Veg og bruanlegg er stadvis dominante i landskapet. Framleis mogleg å sjå brygger og kaier i området, gamal skule ved Knappskog kai. Tradisjonelle naust. Området som heilskap har tidlegare hatt store dyrka flatar, desse er no i stor grad omforma til bustadfelt og næringsareal		
Samla verdivurdering		Verdi
Naturprega, men med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting og infrastruktur. Landskapstype som er synleg, men utan spesiell tyding for landskapskarakteren. Vanleg førekommende landskap med noko særpreg. Landskap med samanhengar som er viktige berre i lokal samanheng. Landskapet er ubalansert, til dels uoversiktleg, mindre strukturert og med svekket samanhengar i utforming.		Noe verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 37: Kårtveit- Eide




Her er ein del nakent berg, særleg på dei høgaste områda i nord. I sør er det eit tynt morenedekke der det i dag er noko intensiv mark. Delområdet har myr i forseinkingar og fleire av desse er klassifisert som naturtypen open myrflate i boreonemoral til nordboreal sone. Kystlynghei dominerer og er mest i brakkleggingsfase. Fleire har høg kvalitet, medan andre har svært låg kvalitet og er i attgroing med tre. Her er få mindre innsjøar, men ein del mindre bekkar.



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Ope og litt kupert kystheilandskap. Kårtveitvika og Kårtveitpollen som markante viker og pollar med mellomliggende knausar og forseinkingar. Innslag av vavn i halvsirkel rundt Nordre Eidesvågen.	Middels
Vegetasjon	I hovudsak bart kystlandskap, med innslag av noko lauv og planta gran. Noko, men svært avgrensa innslag av dyrka mark konsentrert rundt Nordre Eidesvågen.	Liten
Arealbruk og busetnad	Næringsområdet i det tidlegare steinbrotet er stort men godt skjerma av topografien. Småbåtanlegg i Kårtveitvika. Fv 5242 held fram frå Angeltveit og Ågotnes og strekk seg gjennom heile austsida av området i N-S retning. Stikkvegar til små bustadfelt (typisk storleik 4-5 einingar). Spreidde restar av småbruk innimellom.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 20 Eide, 21 Kårtveit og 22 Pollen. Dei vestre delane har historisk sett vore utmarksområde. Det er kjent to forhistoriske busettingar frå eldre steinalder nord for Tørkeviktjørna (Eide). Elles er det mange bygg i SEFRAK ved Kårtveit, som ligg skjerma til inst i vågssystemet. Her er både våningshus, uthus og løer. Ein del mindre steingardar. SEFRAK-registeret er ikkje komplett her i dette delområdet. Framleis spor av historisk kai og sjøhusmiljø ved Nordre Eidesvågen, og eldre gardsbusetnad / sjøhus på Kårtveit. Ein del samanhengar er brotne av nyare utbyggingar. SEFRAK-registeret er ikkje komplett i dette delområdet.	Liten
Kulturelle referansar	Kombinasjonen jordbruk og fiske med gode hamnetilhøve. Stadnamn som Svehaugen og Kårtveitvarden	Liten
Romlig- estetiske forhold	Pollar og viker medverkar til å gje eit lukka, komplekst, område med korte horisontlinjer mot kysten. Smått kupert. Glidande overgang til Midtmarka. Kårtveitpollen markant landform.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Marginalt jordbruk i området, men er innfallsport til viktig viltområde. Sotra og Øygarden jeger og fiskeforbund aktivt lag.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Industriområde	Liten
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Pollen lagar skjerma hamn like innafor storhavet	Stor
Funksjonelle	Fv 5242 katalysator for den spreidde bustadbygginga i området. Den beskytta Kårstadvika og pollen gav grunnlag for etablering av sjøhusmiljøet.	Liten
Historiske	Seinare busetnad bryt ein del samanhengar	Middels
Nøkkelelement		

Naturskapte nøkkelement	Kårstavika og Kårtveitpollen er viktige naturskapte element i området.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Bustadbygginga begrensa og har diffuse avgrensingar i høve omlandet.	Middels
Landskapskarakter		
Kystheilandskap, med småskala dalganger. Kårtstadvika og Kårtveitpollen skjer seg inn i sprekkesonene og utgjer sentrale landformer som tiltrekk seg merksemdu, omkransa av karrig eller bart kystlandskap, spreidd tresett vegetasjon og noko dyrka mark ved Nordre Eidesvågen. Spreidd busetnad, ved Nordre Eidesvågen og langs Fv 5242.		
Samla verdivurdering	Verdi	
Samanhengande naturområde i lokal skala, noko inngrep. Delområdet har landskapselement som har stor tyding for landskapskarakteren. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep og arealbruk som forstyrrar særpreget. Landskapet framstår balansert, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 38: Angeltveit




Her er en del nakent berg, særleg i vestre del og det er minimalt med lausmassar. Jordbruk nordvestover frå Angeltveitvatnet på begge sider av Landrovegen. Delområde har myr i forseinkingar og fleire av desse er klassifisert som naturtypen open myrflate i boreonemoral til nordboreal sone. Kystlynghei dominerer og er mest i brakkleggingsfase og har middels og høg kvalitet. Kystlynghei i sein attvekst er omtrent fraværande her, men både stedegen furu og den framande arten sitkagran dominerer attgroinga. Her er også fleire bekkar og nokre mellomstore innsjøar.

Lynghiområde aust for Angeltveit er registrert som eit viktig viltområde med hekkekoloniar av ulike måseartar.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Primært vekslande kysthei, sørsva med grovkupert overflate. Skråstilt berggrunnsprofil gjev eit karakteristisk landskapsbilete. samanhengande llynghei i mosaikk av bart berg, myr og pyttar. Bleivatnet og Ongelheitvatnet som særleg markante vann. Nordsida er del av ope forseinking som byrjar ved Landro-Landrovågen (delområde 1). Kyststripa, del av langstrakt område med mylder av små og større øyer og holmar.	Middels
Vegetasjon	Bart, noko lauvvegetasjon ved Angeltveitsjøen og rundt dyrka mark ved Angeltveit. Større lauv og barskogområde på austsida av Angeltveitvatnet. Noko lauv og planta gran i tilknyting til mindre bustadområde ved Steinafjellet.	Liten
Arealbruk og busettnad	Skule, idrettsområde, bustadfelt. Fylkesveg 211 strekk seg gjennom området, i nord-søraust retning. Fleire stikkvegar til bustadfelt i tilknyting Fv 211. Ekspanderande busettnad, med til dels skarpt skilje til omlandet, gjeld særleg bustadfeltet ved Ongelheitvatnet. Jordbruk sentralt i området. Småbåthamn og kaianlegg ved Ongelteitsjøen. Friområde ved Polleidet. Viktig viltområde ved Bleivasstoppen. Kaianlegg og småbåthamn ved Ongelteitsjøen. Utkantane av delområdet er nytta som friluftsområde.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 23 Angeltveit, 24 Landro, 26 Vindenes og 27 Ågotnes. Forhistorisk gardsanlegg frå jernalderen ligg nord for Angeltveitvatnet. Det er elles kjent ei forhistorisk kokegrop frå bronsealder på Angeltveit og gjort funn frå steinalderen nord for Vardakleivvatnet. Bygningar registrert i SEFRAK på Polleidet, Angeltveit og Angeltveitsjøen. Store moderne bustadområde bryt samanhengar og har viska ut ein del eldre spor, men nord på Angeltveit finst framleis kulturlandskap, og med lange steingardar som strekker seg frå dei historiske tunområda til utmark. Naustmiljø ved Angeltveitsjøen som er noko endra pga. nyare utbygging.	Middels
Kulturelle referansar	Lange steingardar	Middels
Romlig- estetiske forhold	Opphaveleg småskala, men karakteristisk og ope landskapsbilete, som vert noko brote av moderne inngrep. Utydeleg grense mot Landro, skiljet mot Kårtveitpollen og Ågotnes er langt tydelegare.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Liten
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Framleis jordbruk i lausmassebelte som strekk seg frå Landro og sørover. Samstundes har moderne tettstadbusetting medført store endringar i det tradisjonelle natur- og kulturlandskapet. Viltområdet ved Ongelheitvatnet gjev kontinuitet i utmarksbruk/ressursar.	Liten

Bygg- og anleggsverksemd, transport	Pressområde, nært Ågotnes	Stor
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Områda rundt vegnettet er sterkt påverka av utbygging, som bryt med det opphavlege landskapet. Det utmarksprega landskapet elles er lite prega av moderne inngrep.	Middels
Funksjonelle	Riks- og fylkesvegenettet som katalysator for utvikling av tettstadbusetnad	Middels
Historiske	Mange samanhengar er brotne av moderne utbygging. Området har likevel stor tidsdjupne når det gjeld jordbruk og bruk av sjøen. Utmarksområda er urørte.	Middels
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Viltområde ved Onkeltveitvatnet, fiske	Middels
Menneskeskapte nøkkelelement	Spor etter eldre tiders gardsdrift og bruk av sjøen. Nyare tid; veganlegg, bustadfelt og idrettsanlegg- og skule.	Stor
Landskapskarakter		
Vekslande landskap med avrunda knausar mellom dyrka mark og myrparti, omkransa av øyar, holmar og Kårtveitpollen. Skarp grenseline mot skjergarden. Kårtveitpollen og Bleiavatnet-Ongeltveitvatna i aust viktig for landskapsoppleveling og karakter. Større bustadfelt og skule med idrettsplass langs Fv 211 viktige nyare element i landskapet. God visuell avgrensing mot Ågotnes.		
Samla verdivurdering		Verdi
Naturprega, men med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting og infrastruktur. Landskapstype som er synleg, men utan særskilt tyding for landskapskarakteren. Vanleg forekomande landskap med noko sær preg. Landskap med samanhengar mellom elementer eller historiske spor som er viktige i lokal sammanheng. Området har tyding for ein mindre gruppe, «kvardagslandskapet».		Noe verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 39: Vindenes Ågotnes




Ågotnes næringspark utgjer ein stor del av delområdet. Elles er her lite nakent berg og lite myr. I den sørlege delen er det eit tynt morenedekke, og der det i dag er ein del intensiv mark. Dei fleste naturbeitemarkene er og her. Kystlynghei dominerer og er mest i brakkleggingsfase og attgroing, og har middels og høg kvalitet. Kystlynghei i sein attvekst er det lite av og finst i spreidde område sør i delområdet der både bjørk og rogn og den framande arten sitkagran er dei viktigaste artane i attgroinga. Av vatn finst berre Kvernavatnet og delar av Vardakleivvatnet. Bekkar finst mest sør i området.

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Delområdet omfattar ei vid og austvendt våg, med god sikt tvers over Hjeltefjorden og innover mot Askøy og Bergen. Landforma stig i skråstilte svaberg mot vest, og en same terrengrøphen er fremtredande i fjella i sør. Kvernavatnet sør for ved Ågotnes næringspark	Stor
Vegetasjon	Bart, noko bevart kysthei i nordvestre hjørne av området. Lauv og barskog (gran) i bustadfelt og tidlegare landbruksområde på sørssida av landskapsområdet.	Liten
Arealbruk og busettnad	Svært prega av Ågotnes CCB basen, viktig næringsområde med stort hamneanlegg, samt omkransande bustadfelt. Både næringsareal og bustadfelt har vore i tilnærma kontinuerleg ekspansjon. Rv 561 på vestsida, med mange stikkvegar til bustadfelt og næringsområde. Jordbruk mellom Bjørndalen, Langedalen og sjøen i øst.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 26 Vindenes og 27 Ågotnes. Ved CCB-basen er det påvist 8 steinalderbuplasser som er utgravd og fjerna. Elles er der sjøbruksmiljø (SEFRAK) ved Vindenes kai, Heimavågen og Buneset. Stort nothengje. Landbase for fiskebåtreiarlaget. Kommunalt listeført. Er i dag konferanselokale / utstillinger. På Ågotnes er det mange bygningar i SEFRAK, både naust, våningshus, uthus og Ågotnes bedehus. Her er også mange steingardar. I Mathopen er det eit kommunalt listeført naustmiljø, og tett inn på CCB-basen ligg «Gjertsennausta» etter not bruk, i dag nytt til kulturelle aktivitetar. Høg verdi som enkelbygg, og i skarp kontrast til baseområdet. Elles i delområdet har nyare bustadbygging brote mange samanhengar, og CCB-basen dominerer visuelt i mange tilfelle. Landskapet har lite kulturhistorisk forankring i dag.	Liten
Kulturelle referansar	Nothengje på Vindenes kai i nord. Gjertsennausta ved CCB-basen	Stor
Romlig- estetiske forhold	Mellomskala, med litt lukka visuell avgrensing. Opphavleg dominert av landbruk, med markant overgang til kysthei og berg. Lange horisontlinjer mot Sotra og fastlandet. I dag er romdanninga svekka på grunn av sterkt utbygging og terregendringar.	Liten
Endrings- og vedlikehaldsprosesser		
Aktive naturprosesser	Klimaendringar	Liten
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Spreidde småbruk sør i delområdet, men einingane er små.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Kontinuerleg bygg- og anleggsverksemd, mykje transport, både til sjøs og på land.	Stor
Samanhengar og brot		

Geografiske og romlege	Den nye næringa sprenger bort fjell, fyller i sjø, og nyttar bygg som sprenger den lokale skalaen	Stor
Funksjonelle	Næringsareal og bustadareal har små/ingen overgangssoner. Det same gjeld i aukande grad til omlandet.	Stor
Historiske	Delområdet viser eit historisk brot med utbygginga av baseområdet. Små område er lite endra – særleg ved Vindenes og Mathopen, der ein framleis finn noko jordbruksareal og spreidd busetting som viser ein eldre bruk av landskapet. Sjøbruksmiljøet på Vindenes kai står i kontrast til CCB-basen i sør.	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Gode hamnetilhøve mot Hjeltefjorden	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Ågotnes med kaianlegg, bustadfelt og veganlegg, Opp mot 1,5 km ² næringsareal som er viktig ikkje berre i regionen, men også nasjonalt.	Stor
Landskapskarakter		
Storforma open bukt omkransa av lysthei og nokre restar av jordbruksmark avgrensa mot kysthei og berg. Tradisjonell byggeskikk ved kaia i vika i sør gjev forankring til den historiske bruken av staden. Storskala industrianlegg, og sjørelatert logistikk og moderne kaianlegg har endra landskapskarakteren og er i dag viktig representant for den moderne industrien knytt til offshore. Store nye utfyllingsområde for næringsverksemder i nord.		
Samla verdivurdering		Verdi
Ytterkanten av delområdet har naturpreg, men det store næringsområdet har ei tydeleg overvekt. Det eksisterande naturlandskapet har lite variasjon, og landskapstypen har lite tyding for landskapskarakteren. Landskapet er ubalansert, til dels uoversiktleg, mindre strukturer og har svake samanhengar i utforming.		Noe verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 40: Misje- Sollsvika- Landro



Her er ein del nakent berg, mest på dei høgareliggende områda i nord. Delområde har ein del myr og nokre av dette er registrert som eigen naturtype. Det er minimalt med lausmassar her, men jamvel noko landbruk i grendane. Kystlynghei dominerer, men dei fleste er i brakkeleggingsfase og har moderat og høg kvalitet. Her er lite kystlynghei i sein attroing. Framande treslag som bergfuru og sitkagran er med på attgroinga i kystlynheiane her. Nokre naturbeitemarker finst spreidd. Fleire av innsjøane her er middels store, men det er få bekkar her.

Ved Vadet (Landro) er en næringsrik innsjø med takrør viktig for fugl.



Frå Misje, byrjinga av 1900-talet. Billedsamlingen UiB, Foto: Olai Schumann Olsen




Frå Solsvik, byrjinga av 1900-talet. Billedsamlingen UiB, Foto: Atelier KK

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Variert kystlandskap, vågar og smalsund i nord, som skiftar til skjergardslandskap med mange små øyer i vest. Sørsida dominert av vekslande kysthei. Sørsida og fram til sentrum av delområdet prega av ein forseinking i landskapet, men som likevel er ope og sentral i forhold til omgjevnadene.	Stor
Vegetasjon	I hovudsak bart kyst- og heilandskap. Spreidd tresett vegetasjon, primært lauvskog, men også noko planta gran. Dei små dalgangane og forseinkingane inneholder lausmasser som har gjeve grobotn for landbruk. Spreidde område med kystlynghei.	Middels
Arealbruk og busetnad	Tettstadbusetnad primært konsentrert til Misje (austsida av Rv 561) og strekninga Landro - Landrovågen. Spreidd jordbruk, særleg konsentrert rundt Landro, i mindre grad innklemt rundt tettstadbusetnaden ved Solsvika. Rv. 561 over Misje. Fv 211 ligg på vestsida, strekk seg gjennom heile delområdet i nord-sør retning, frem til Solsvika. Stikkvegar frå Fv. 211 til busetnader. Naustrekker og småbåthamn ved Landrovågen. Kaianlegg ved Solsvika. Fleire mindre, kartlagde friluftsområde med høg bruksfrekvens inngår i delområdet. Høg tettleik av registrerte kulturminne i tettstadene.	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 24 Landro, 25 Solsvika og 59 Misje. Sju steinalderbuplasser langs sørsida av Solsviksundet. Prioriterte i kulturmiljøplan: sildesalteri og hermetikkfabrikk, naust (truleg 1700-talet), båstø, unikt torvhus ved Misjesundet, Misje bygdemuseum, Landro samfunnshus frå 1959 og sjøbruksmiljø ved Landrovågen. Landro var ein av dei største gardane i Øygarden, og Landrovågen var god hamn for småbåtar. Fleire større saltebuer for torsk og sild. Omsynssone i KPA. Lang historisk tradisjon for kombinasjon fiske og jordbruk. Fleire steingardar. Spreidd tettstadbusetnad med flytande skiljeline til omlandet gjer at nyare byggeskikkar til ein viss grad ikkje vert så framtredande som det kunne ha vore.	Stor
Kulturelle referansar	Sjøbruksmiljø i Landrovågen. Stadnamnet Kvernavatnet ved Misje.	Middels
Romlig- estetiske forhold	Skjergarden blokkerer til ein viss grad inn/utsyn og avgrensar siktlinjer. Konsekvensen er eit lukka landskapsrom langs kysten. Landskapet har generelt eit konkavt landskapsrom. Variasjonen i kystlandskapet, med øyer, holmar og skjer, samt flikete kystline bidreg til at delområdet er i indre uorden. Vêrforholda kan vere betre her enn på austsida, men vekslinga mellom ro, havbrenningar og uver er karakteristiske lyder som er med å prege området.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar, gjengroing	Middels

Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Spreidd landbruk, framleis i relativ godt hevd, men auka fortetting står i fare for å konkurrere ut landbruket.	Middels
Bygg- og anleggsvirksemrd, transport	Spreidt bustad- og hyttebygging	Middels
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Oversiktlig landskap, bevarte heiområde med små vatn, velbevarte tversgåande dalføre, men dalføret frå Sollsvika prega av fortetting. Dette vil på sikt bidra til å endre det geografiske og romlege inntrykket av delområdet.	Middels
Funksjonelle	Den historisk bruken er delvis broten eller i transformasjon av ny busetnad.	Middels
Historiske	Ny tettstadbusetnad bryt med opphavleg byggeskikk.	Stor
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Skjergarden, heiområda danna av breen.	Stor
Menneskeskapte nøkkelement	Sjøhusmiljø, ny busetnad (i kontrast til eksisterande busetnad pga. byggefelt, endra plassering og byggeskikk). Brua mellom Sollsvika og Misje.	Stor
Landskapskarakter		
Skjergardslandskap med småskala landformer med mange små og skjerma rom og sprekkesoner. Tydeleg skilje mellom kyst og hav som bidrar til å skape mektige kontrastar. Aukande fortetting og nybygging fleire stader, men opphavleg byggeskikk, knytt til gamal kystkultur, er framleis godt representert og synleg i landskapet. Eksempel på dette er særprega hamne- og kaianlegg, Solsvik, saman med sundet mot Misje, som gamal samlingsplass er og spesielt for området.		
Samla verdivurdering		Verdi
Landskapstypen og -elementa har stor tyding for landskapskarakteren. Landskapet er mangfaldig og har et tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Særprega landskap med fleire innslag av arealbruk og busetting som forstyrrar særpreget. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 41: Vindenes



Her er ein del nakent berg, særskilt strandberg i aust. Delområde har og ein del myr, men det er minimalt med lausmassar, men jamvel jordbruk sør i delområdet. Kystlynghei dominerer, men dei fleste er i brakkleggingsfase og har middels og høg kvalitet. Kystlyngheia på Kråkhaugen er særleg viktig fordi ho er intakt og har svært høg kvalitet. Her er og mykje kystlynghei i sein attroing med ein del framande treslag som til dømes bergfur og sitkagran. Nokre naturbeitemarker finst spreidd. Fleire av innsjøane her er middels store, men det er få bekkar her.

Vindeneskvarven er merka som eit viktig viltområde for hekkande sjøfugl




Høybøen, Vindenes. Kjelde: Grind.no, foto K. Randers

Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Tredelt og variert kystlandskap. Austlige side er del av eit veldefinert langstrakt fjordløp (avgrensa av Sotra og Øygarden, fastland, Askøy og Radøy). Midtre del av området, er delt mellom våg og smalsundlandskap. Indre (vestlege) del av Vindenes består av vekslande og variert kysthei med karakteristiske og skråstilte berggrunnsstrukturer i veksling med små kileforma vatn.	Stor
Vegetasjon	Fleire felt med planta gran i delområdet. Dyrka mark, særleg i søkk/forseinkingar i terrenget. Kystlynghei, nokre stader av spesiell verdi, og myrflater. Nokre stader prega av auka attgroing.	Stor
Arealbruk og busetnad	Jordbrulsbusetnad og nye bustader sør i området. Viktig friluftsområde urørt av større tekniske inngrep. Gardsveg på sørsida. Nokre få hytter spreidd rundt i delområdet. Rv 561 ved Fuglavatnet (retning Solsvika).	Middels
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 24 Landro, 25 Solsvika og 26 Vindenes Mange kjente forhistoriske kulturminne, påvist i samband med undersøkingar knytt til planar om ilandføringsanlegg for olje som ikkje vart vidareført. Fleire steinalderbuplassar langs Straumen, Vindenespollen og ved Kalveidet. Bufjellshellaren med rike funn bl.a. av keramikk. Gardsanlegget Høybøen frå jernalder-middelalder med bl.a. tufter, gravrøyser, innmark, utmark, steingardar, naust og rike materialfunn. Sjeldan godt bevart anlegg og kulturmiljø i urørt område, viktig i norsk samanheng. Fleire bygg i SEFRÅK bl.a. våningshus, løer og bedehus. Fleire nye einebustader har komme til, men eldre strukturar og samanhengar er framleis gjeldande. CCB-basen dominerer utsynet sørover.	Stor
Kulturelle referansar	Ei kulturhistorisk vandring frå steinalder til i dag. Gardsanlegget Høybøen frå jernalder og middelalder. Stadnamn som Kvernavatnet, Øykjaneset og Vardhaugen	Stor
Romlig- estetiske forhold	Lave horisontlinjer, stor variasjon.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Sprekksdanning og utrasing som følgje av is/vatn i berget mot Straumen. Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Avgrensa jordbruk i dag, men kulturlandskapet er velbevart. Dei store linjene i kulturlandskapet er lett å sjå. Endring i driftsforma	Middels
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Lite	Liten
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Ubroten, men noko uoversiktleg landskap med Vindenespollen i sentrum. Området har kontakt med bustadfelt i sør, men ligg likevel isolert i forhold til nærliggande tettstadomgjevnader.	Stor
Funksjonelle	Utmarks og friluftsområde, har vore skjerma for utbygging	Stor

Historiske	Stor tidsdjupne og klar kulturhistorisk samanheng mellom sjø, land og menneske, som er lite forstyrra av nyare utbygging.	Stor
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkellement	Vindenespollen	Middels
Menneskeskapte nøkkellement	Høybøen med autentisk plassering i urørt landskap. Godt dokumenterte spor etter busetnad frå steinalder til i dag.	Stor
Landskapskarakter		
Vekslande kystlandskap, med Vindenespollen som sentralt element i sentrum. Karrig vegetasjon dominert av kystlynghei, men med små dyrka flater og trevegetasjon i sørkk, forseinkingar og tversgåande dalganger. Få moderne tekniske installasjoner eller anna infrastruktur i området kring sjølve pollen, med unnatak av inste delar. Stor tidsdjupne i landskapet med omfattande dokumenterte spor etter bruk av området frå steinalder til notid.		
Samla verdivurdering		Verdi
Få inngrep. Særprega landskap med få, ikkje dominerande, negative brot eller kontrastar. Landskap med samanhengar mellom element og historiske spor som er viktig i regional og nasjonal samanheng. Området har regional og nasjonal betydning, god lesbarheit og gjev eit godt totalinntrykk.		Stor verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 42: Rongøyna Toftøyna



Her er det nakne berg mest som strandberg, det er minimalt med lausmassar, men ein del myrområde finst. Bygda Vik har jordbruk i hevd. Lyngheiene her er både intakte, i brakkleggingsfase og i tidleg og sein attgroing. Det viktigaste området med kystlynghei er Ordalsåen, som er i brakkleggingsfase, men med høg kvalitet. Fleire av lyngheiene i attgroing av framande bartre som til dømes buskfuru og sitkagran, men også av vanleg furu. Inne i mellom finst også nokre naturbeitemarkar. Det er også nokre små innsjøar her. Inngår i UNESCO Biosfæreområde med særleg fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling.






Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Konveks skjoldforma hovudform, som faller jamt mot aust på Rongøyna og deles opp av særleg nord sør gåande sprekkar og flere andre småformer på Toftøyna. Anekletten høyeste punkt på Toftøyna på 60 moh. Storevarden på Rongøyna på 43 moh. Orrdalsvatnet og Midtvatnet samt myrdrag i botnen av den nord sør gåande sprekkene på Toftøyna.	Middels
Vegetasjon	Størstedelen av delområdet har lystning i gjengroing, mens i Vikavågen holdes kulturlandskapet og hagane i hevd.	Middels
Arealbruk og busettnad	Delområdet har flere nye bustadfelt, der byggeskikk skil seg fra den tradisjonelle i volum, orientering mot veg, terrengtilpassing og tettleik. Vik gammal jordbruksgrind i sør, Rong utvida med nyare regionsenter i nord. Rongøyna ble forbundet med bru sørover i 1986.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 59 Misje, 234 Vik , 235 Toft, 236 Store Torsvik , 237 Little Torsvik og 238 Rong. Svært mange arkeologiske kulturminne, først og fremst steinalderbuplassar ved Rong og Vik. Prioritert i kulturmiljøplan: Pengeskapsfabrikk (etterkrigs) ved Ulvsundet. Bautastein på Rong reist i 1946 til minne om to legar, og Vik bedehus frå 1937, med påbygg. Ved det smale sundet Svelgen er det eit krigsminne som kan ha vore ei kanonstilling frå 2. verdskrig. Naustmiljø og bustadhús / gardshus i SEFRAK ved Vik. Restar av kulturlandskap.	Middels
Kulturelle referansar	Stadnamn som Kvernhuselva, Kvernhusvika, Tjuvvika.	Liten
Romlig- estetiske forhold	Mellomskala landskap med siktlinjer austover fjorden til Askøy og fjellandskapet innover Vestlandet. Skjerma innaskjers landskap med kort avstand til folk.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Lystning i gjengroing, klimaendringer	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Jordbruk særleg konsentrert om Vik, utmarksbeite. Fiskeoppdrett	Liten
Bygg- og anleggsvirksemrd, transport	Bygging av nye bustader og sentrumsformål, god vegstandard	Stor
Samanhengar og brot		
Geografiske og romlege	Samanheng med Hjeltefjorden / Askøy visuelt	Middels
Funksjonelle	Landskapet er i endring frå å vere livsgrunnlaget til dei som bur her, til å bli meir eit sentrum eller forstad.	Stor
Historiske	Bustadbygging har brote ein del historiske samanhengar i kulturmiljø.	Stor
Nøkkelelement		

Naturskapte nøkkelement	Terrengform, fjorden og landskapsrommet i aust	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Bru, bygninger og veg	Stor
Landskapskarakter		
Brakklagt utmark i overgang til å bli forstad. Livleg og travelt inntrykk med trafikk på fjorden, travel veg og sentrumsfunksjonar i Rong.		
Samla verdivurdering	Verdi	
Naturprega landskap med overvekt av menneskeleg aktivitet. Vanleg førekommande landskap med noko sær preg. Mindre strukturert og svake samanhengar i utforming.	Noe verdi	
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 43: One Sæle




Her er det lite nakent berg og det er minimalt med lausmassar, men ein del myrområde finst. Sæle, Blom og One er jordbruksrender. Lyngheiane her er både intakte, i brakkeleggingsfase og i tidleg og sein attgroing. Den siste gruppa er ofte i attgroing med framande bartre som til dømes sitkagran. Helt aust i området, mellom Jøreshøyen og Krossvardane er det ein kystynghei som er intakt og som har fått svært høg kvalitet. Nokre semi-naturlege strandengar finst og. Det er også ein del små innsjøar her. Eit område på Krossneset er også merka som eit viktig viltområde. Inngår i UNESCO Biosfæreområde med særleg fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling.



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Delområde samansett store hovud-landformer delt opp i et småkupert landskap. Sprekhdanning med bratte skrentar som nokre stader blir til sund eller vatn. Gjenekletten høgste punkt i nordre Øygarden med sine 74 moh. Hjeltefjorden i aust.	Middels
Vegetasjon	Mykje bart fjell, men og fleire mindre lommer i dei mindre landformene med god jord og lokalklima som gir frodige småbruk. Stor utbreiing av og i ulike stadier av gjengroing, hasselkratt og barskog, samt hagar.	Stor
Arealbruk og busetnad	Eldre små tettstader som Blomvåg, Sæle og One samla kring god jordbruksjord med småbruk og fiske dannar hovudstrukturen i busettinga, med eldre bygningar tilpassa terrenget. Meir sprette bustader i overgangen mot llynghøia. Spredte fritidsbustader. Sidevegane har enkel standard. Stor og arealkrevjande næring i vekst med Energiparken og hamneanlegg i Ljøsøybukta. Så langt har desse god tilpassing til omgjevnaden, men kraftliner i området er godt synleg. Områdane kring Stora Kvernevatnet, Gjenekletten, Osundet og Ljøsneset er registrert som viktige for friluftsliv.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 239 Søre Sæle, 240 Blom, 241 Blomvågnes, 242 Dale, 243 Ovågen, 244 Nålura/Rossnes og 245 Breivik. Svært mange steinalderbuplassar der dei fleste er påvist i samband med nye kraftlinjer og næringsområde. Gravminne på Ljøsøyna. Fleire av gardane var busette i mellomalder. Bygningsmiljø i SEFRÅK knytt til gardsbusetnad og naustmiljø ved Ovågen, Rossneset og Søre Sæle. Kystmuseet og naust i Ovågen er prioritert i kulturmiljøplanen, og formidlar heimefiske på 1800-talet. Ved Blomøyknuten er det ein peilestasjon frå 2. verdskrig.	Middels
Kulturelle referansar	Kystmuseet i Ovågen.	Liten
Romlig- estetiske forhold	På toppane og i kanten av delområdet er skalaen stor med store linjer og open horisont, medan i dei småkuperte terrengformane er siktlinjene korte og skalaen liten. Landskapet har eit gjentakande mønster av småbruk i lune søkk og llynghi på eksponerte høgder, som fragmentererast av sprette bustader i moderne byggjeteknikk og orientert mot for eksempel mot vegen.	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar	Middels
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Gammal innmark og utmark vert ikkje halden i hevd i same grad som før. Oppdrettsanlegg.	Liten
Bygg- og anleggsverksemd, transport	Fv561 hovudåra nord sør gjennom området.	Liten
Sammanhangar og brot		

Geografiske og romlege	Lågt og ope terrenget med stor himmel	Middels
Funksjonelle	Næring og infrastruktur i tverraksen mellom Ljøsøyna og Kollsnes er ein kontrast til omgjevnaden. Industriområdet i Ljøsøybukta er planlagt utvida, og vil danne en tverrakse av industri i denne delen av kommunen med Kollsnesanlegget på vestsida	Middels
Historiske	Kulturhistoriske samanhengar vert over tid viska ut av ny utbygging.	Liten
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement	Låg og opa terrenghform	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Viktig næringsområde Ljøsøybukta	Middels
Landskapskarakter		
Samansett delområde med utmark, område med hyttefelt og ny busetting, område med ny næring, og skjerma småbruksområde. Tyder på eit landskap i endring.		
Samla verdivurdering		Verdi
Landskapet i delområdet vert vurdert som et naturprega område med sprett busetnad og infrastruktur. Det har naturvariasjon og fleire landskapstypar. Terrenghform, vegetasjon og arealbruk er landskapselement som har stor tyding for landskapsverdien. Landskapet fremstår balansert, lesbart og strukturert, men har nokre innslag som forstyrrear særpreget.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 44: Stura Tjeldstø



Her er det lite nakent berg og det er minimalt med lausmassar, men ein del myrområde finst. Skjold, Stura og Tjeldstø gamle jordbruksgrender. Lyngheiane her er både intakte, i brakkleggingsfase og i tidleg og sein attgroing. Dei intakte og med høg kvalitet finst mest nord i delområde ved Ådneset. Fleire av lyngheiane i attgroing er dominerte av treforma framande bartre som til dømes sitkagran. Berre heilt unntaksvis finst semi-naturlege enger. Det er også karakteristisk at det er ein del større og små innsjøar her. Den vestlege delen ingår også i et viktig viltområde.

Tjeldstø naturreservat, som ligg aust for hovudvegen, har både myrer og grunne tjern, og er særleg viktig ved at dei gjev gode biotopar for mange fuglearistar. Øyane aust i delområde er viktige for sjøfugl.

Inngår i UNESCO Biosfæreområde med særleg fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling






Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vavn	Stor konveks flate som faller slakt mot aust. Lite innbyrdes høgdeforskjellar. Høgaste punkt er Sjonarhøyen og Skarhaugane på omkring 40 m. Mange store myrer samt små og store vatn	Stor
Vegetasjon	Stor og velhalden våtmarksområde med myr og tjern mellom Terminalvegen og Tjeldstø øst for hovudvegen. Nord for Terminalvegen er myrene i gjengroing. Småbruk både på Tjeldstø og Stura med mykje og mørk barskog framstår som brakklagde.	Stor
Arealbruk og busetnad	Industriområdet på Stura ligger i randsona heilt i aust, men dannar synleg horisont med siloar, skorsteinar og store bygg med enkel form. Den er kanskje enda meir synleg når det er mørkt pga. lyssetting. Sprett busetting omkring Tjeldstø i sør, og langs Sturavegen på Stura og Hatten, med ein kombinasjon av eldre småbruk og nyare einebustader. Mange gamle bygg og spor etter gamal tid. Myren er registrert friluftsområde. Attgroing på myra har vore redusert i nyare tid ved hjelp av landbrukstilskudd.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 201 Skjold, 202 Stura, 203 Hatten, 243 Ona, 252 Tjeldstø. Svært mange steinalderbuplassar der dei fleste er påvist i samband med Stureterminalen. Fleire steinalderbuplassar på Tjeldstø, nær sentrum. Forhistorisk hustuft på Ådneset. Mange av gardane i delområdet var busette i mellomalder. Bygningsmiljø i SEFRAK knytt til gardsbusetnad og naustmiljø ved Stura, Hatten og Tjeldstø. Stureterminalen er prioritert kulturminne i kulturmiljøplan. Etablert i 1988 og er islandføringsstad (via røyr) for olje og konsentrat. I Instetjørna skal det ligge vrakrestar etter to britiske fly som vart skoten ned i 1941.	Middels
Kulturelle referansar	Stureterminalen. Steinalderhistorie	Middels
Romlig- estetiske forhold	Storskala landskap aust for Hjeltefjorden med Eldsfjellet i Austrheim tett på. Barskog hindrar sikt vidare mot vest. Delområdet har et preg av eit kulturlandskap som er i forfall og i ferd med å bli fragmentert og gå over til industrilandskap. Den jamne og flytande terregngforma langs vegen kan gje ein kjensle av å vere i Danmark.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar og gjengroing	Stor
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Noko jord- og skogbruksdrift. Utmarksbeiter og kystlynghei har vore gjennom omfattande utbettingsarbeid.	Middels
Bygg- og anleggsvirksemdu, transport	Smale vegar med dårlig standard. Stureterminalen med industrilandskap i aust.	Middels
Sammanhengar og brot		

Geografiske og romlege	Barskogen dannar barrierar i landskapet. Ein kan tenkje seg at landskapskarakteren og avgrensing av delområdet kunne ha vore annleis om terrenget framleis var open lynghei frå aust til vest. Landskapet framstår som forlate og utan lokalt eigarskap, slik at det lettare kan vurderast som en arealressurs og ikkje eit landskap dei som bur der har eigarskap til.	Middels
Funksjonelle	Overgang frå utmark til industristad busett av tilflyttarar.	Stor
Historiske	Oljealderen er eit markant historisk brot på Stura. Utvikling på Tjeldstø er også eit brot med den historiske gardsbusetnaden.	Stor
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Terrengforma er særprega, og dannar eit spesielt tilhøve til himmel, horisont og hav.	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	Den rette vegen og industrianlegget er framtredande. Nasjonalt viktig industriområde.	Middels
Landskapskarakter		
Eit vidt utmarksområde i overgang til industriell randsone.		
Samla verdivurdering		Verdi
Naturprega landskap men med overvekt av menneskeleg aktivitet og infrastruktur, fråvær av omsorg for landskapet. Særprega terrengform og velhalden lynghei skil seg ut som verdifullt naturlandskap, men den tydelege fragmenteringa elles svekker dette.		Noe verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		

Delområde 45: Førehjelmo Seløyna Hopøyna



Området har mest nakne berg, ein del myr, men minimalt med lausmassedekke. Hjelme gammal jordbruksbygd. Lyngheiane her er både i brakkleggingsfase og i sein attgroing. Sistnemte er særleg synleg på Seløyna der furu dominerer i sør og dei framande treslaga fransk bergfuru og sitkagran dominerer dei andre delane. Hopøyna er eit særskilt viktig område fordi det er eit av svært få lyngheiar i heile kommunen som har svært høg kvalitet, mellom anna fordi det har vore ein del lyngbrenning frå 2018 og fram til i dag her. Berre heilt unntaksvis finst semi-naturlege enger og edellauvskogar her. Berre små innsjøar og bekker finst i delområde

Den sørlege delen av delområde har og vore skildra som viktig viltområde.

Inngår i UNESCO Biosfæreområde med særleg fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling



Forhold ved landskapet	Skildring	Vekting
Landskapets innhald		
Landformer og vann	Større samanhengande landformer delt opp av sund og ferskvatn, samt djupe våger. Spredte vann og myrer. Konvekse former med Selsstakken som høgaste punkt på ca. 55 moh.	Stor
Vegetasjon	Tynt lausmassedekke og delvis bart fjell. For det meste utmark og llynghlei, på Seløyna er denne i gjengroing med til dels store omfattende barskog, samt lommer med rester av småbruk.	Stor
Arealbruk og busetnad	Lite utbygget delområde. I hovudsak småbruk og velhaldne eigedomar særleg konsentrert kring Hjelmo men også noe i Hellesundet. Det er etablert fleire nye fritidsbustadar, utleigeleileigheter og rorbuserter på Sprengneset. Førehjelmo, Seløyna og Hopøyna er registrert som viktige område for friluftsliv, med Seløyna som stor betydning. Utmarken har vore noe restaurert i nyare tid.	Stor
Kulturhistoria i landskapet	Gnr. 206 Nautnes, 207 Nordre Sæle, 208 Hjelme og 209 Hellesund/Hellesøyna. Store delar av delområdet er utmark. Forhistoriske kulturminne er kjent i form av fleire steinalderbuplassar på Sprengneset. Her det det og to automatisk freda skipsvrak. Ei gravrøys frå jernalder ved Hjelmevatnet/Selseidet. Desse gardane var busette før 1350. Hjelme gamle kyrkje frå 1875 (listeført) ligg i eit miljø med fleire naust i SEFRAK, og omsynssone i kommuneplanen. Der er elles gardstun med SEFRAK-bygg på Hjelmo og ved Hellesundet.	Middels
Kulturelle referansar	Hjelme gamle kyrkje med naustmiljø. Stadnamn som Skipevika (Hjelme gamle kyrkje) og Kjeøyna	Middels
Romlig- estetiske forhold	Mellom til småskala landskap. Større samanhengande terregngformar mot Hjeltefjorden og med utsikt til fjord og fjell innover på Vestlandet, dessutan sikt nordover til Solund og ytre Sogn. Skjerma plassering i forhold til storhavet. På skyete og tåkete dagar kan nok landet i aust bli borte, men plasseringa på "innsida" gir likevel ei meir skjerma situasjon enn utsida. Lite menneskeleg aktivitet gir en følelse av eit gløymd og forlate område.	Stor
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
Aktive naturprosessar	Klimaendringar og gjengroing	Stor
Jord- og skogbruk, fiske, annen utmarksbruk	Fleire småbruk i drift. Kystlynghlei er i ferd med å bli re-establaert og restaurert i store, samanhengande område. Prisbelønt aktivitet. På sikt kan dette kunne bidra til at delområdet får ei høgare verdi.	Stor
Bygg- og anleggsvirksemdu, transport	Hovudvegen er smal og svingete, med lappa asfalt.	Liten
Sammanhangar og brot		
Geografiske og romlege	Lite kontakt med storhavet, innelukka våger og sund og sikt over fjorden samt nordover til ytre Sogn. Kontrast mellom velhaldne eigedomar på Hjelmo og utmarken i gjengroing.	Middels

Funksjonelle	Framstår som gjengløymd lomme der utmarka gror til medan bustadar vert haldne i hevd	Stor
Historiske	Den historiske samanhengen til områda på austsida av Hjeltefjorden er ikkje lenger viktig.	Middels
Nøkkelelement		
Naturskapte nøkkelelement	Terrenghform og plassering på "innsida"	Stor
Menneskeskapte nøkkelelement	I hovudsak sprett busetting med unntak av Hjelme. I dag er utmark og natur mest markant.	Stor
Landskapskarakter		
Kupert lynghei i gjengroing, visuell kontakt nordover mot Fedje og Solund, og aust over Hjeltefjorden		
Samla verdivurdering		Verdi
Nokre inngrep, samanhengande naturområde i lokal skala. Naturprega med sprett busetting og infrastruktur. Særprega landskap der gjengroing av lynghei forstyrrar særpreget. Landskapet framstår balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert, lokal betydning. Gjennomførte tiltak i utmark og interesse frå lokale bønder til å ta opp at meir skjøtsel kan på sikt føre til høgare verdi for delområdet.		Middels verdi
Tilrådd skjøtsel		
Tilrådingar for landskap (strategisk landskapsplanlegging)		